

Idun Fivelstad

”Det e nå bærre gøittj at dæm tykkje det e litt toile”

Ein sosiolingvistisk studie av talemålet til ungdom i Rindal

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Trondheim, hausten 2012

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for nordistikk og litteraturvitskap

Tusen takk til...

...professor Brit Mæhlum, som har inspirert meg til å velje sosiolingvistikk som fagfelt, og som har rettleia meg gjennom denne studien.

...ordboksredaktør Tor Erik Jenstad for å ha delt av sin lokalkunnskap og viten om språkljodar.

...informantane mine for at de har gjeve så mykje av dykk sjølve.

...Rindal skule, som har latt meg sleppe til med undersøkinga mi midt i skuletida.

...Rindal kommune, som har gjeve meg økonomisk stønad til denne oppgåva.

..."oss lektorpiker imellom" og mine kollegaer i Studentradioen i Trondheim for ei sosial og framifrå studietid i trønderhovudstaden.

...Eline Bjerkan og Kristine Fredriksen, som tok masterpause og reiste på oppdagingsferd saman med meg i Karibien i haust.

...familien heime i Rindal, som har vore ei stor inspirasjonskjelde, og som det har vore fint å kome heim til mellom draga.

...mine medstudentar Maren Eika Kjernli, Ida Vågsether og Brita Ramsevik Riksem for gode faglege innspel og korrekturlesing.

...Henrik Brynthe Lund for at du har vist interesse for sosiolingvistikk og dialektdiskusjonar, sjølv om du er geograf.

Innhald

DEL 1: Introduksjon

1. Innleiing	1
1.1 <i>Motivasjon</i>	2
1.2 <i>Problemformulering</i>	3
1.2.1 <i>Avklåring av omgrep</i>	3
2. Rindal – Porten til Trollheimen	4
2.2 <i>Geografi, historikk og demografi</i>	4
2.2.1 <i>”Rindal – tid til å leve”</i>	7
2.3 <i>Rindalsmålet</i>	7
2.3.1 <i>Cirkumflekstonem</i>	8
2.3.2 <i>Monoftongering (diftongforenkling)</i>	9
2.3.3 <i>Palatalisering</i>	9
2.3.4 <i>Talord</i>	10
2.3.5 <i>Jamning</i>	10
2.3.6 <i>Affrikaten [sçtʰ]</i>	11
2.3.7 <i>Vokalveksling (”senking”/”lågning”)</i>	11
2.3.8 <i>A-verb i presens</i>	12
3. Metode	13
3.1 <i>Val av metode</i>	13
3.2 <i>Val av informantar</i>	14
3.3 <i>Feltarbeid, datainnsamling og handsaming av materialet</i>	15
3.3.1 <i>Utfordringar knytt til datainnsamling</i>	17
3.3.2 <i>Transkripsjon</i>	18

DEL 2: Analyse

4. Individet i sentrum – eller frammi garda	21
4.1 <i>Språklege variablar</i>	21
4.1.1 <i>Saliens</i>	22
4.2 <i>Informantportrett</i>	23
4.2.1 <i>”Olav”</i>	24
4.2.2 <i>”Birk”</i>	26
4.2.3 <i>”Sofie”</i>	28
4.2.4 <i>Samla vurdering av variablane for alle hovudinformatane</i>	29
4.2.5 <i>Vurdering av andre språktrekk</i>	31
4.3 <i>Haldningar til bygda og dialekten</i>	33
4.3.1 <i>”Jentelus” i språket</i>	35
5. Rindal som språksamfunn – eit overblikk	37
5.1 <i>Eit lukka språksamfunn</i>	37
5.2 <i>Den ’nye’ rindalsdialekten</i>	40
5.2.1 <i>Urbanisering og modernitet</i>	41
5.2.2 <i>Fråflytting som stabiliserande faktorar</i>	43
5.3 <i>Kvar kjem påverknaden frå?</i>	45
5.3.1 <i>Nivellering og regionalisering</i>	45
5.3.2 <i>Standard og prestisje</i>	47
6. Avrunding	51

Litteratur	53
Vedlegg	55
1: Spørjeskjema	56
2: Samtykkeerklæring	57
Samandrag	59

DEL 1: Introduksjon

1. Innleiing

Det kanj nå vårrå litt skamle, ja, minnj'e – det e nå bærre gøittj at dæm tykkje det e litt toillje.

Marie, 15 år – om rindalsdialekten

Den ambivalente haldninga til eigen dialekt som Marie her gir uttrykk for, tematiserer mangeleis plattforma for denne studien: Er det flautt å snakke rindalsdialekt, og fell i så fall dialektbruken i dette språksamfunnet bort? Eller er dialekt mest morosamt og noko ein er stolt av? Siktemålet med denne oppgåva er å sjå på språklege tilhøve blant ungdom i Rindal kommune, der både konkrete språklege forhold og haldningar og synspunkt til eigen dialekt vil stå i fokus.

Det empiriske materialet i studien er basert på eit spørjeskjema som 60 ungdomsskuleelevar ved Rindal skule har respondert på. Ut frå desse resultata plukka eg ut sju hovudinformantar som eg seinare gjennomførte kvalitative intervju med. Eg vil dokumentere dialektlandskapet slik det ser ut før ungdommane til dagleg byrjar å kommunisere med menneske utanfor Rindal. Det same gjeld for ungdommane sine haldningar til dialekten. Eg har difor prioritert å intervjuje ungdommar som enno ikkje har flytta frå bygda. Eg vil grunngje desse metodiske vala nærare i eit eige metodekapittel, der eg også drøftar utfordringar knytt til feltarbeid og datainnsamling.

Analysedelen min er todelt: Fyrst presenterer eg tre av informantane og deira språklege realiseringar gjennom informantportrett på mikronivå. Vidare vil eg fokusere på språksamfunnet i eit overordna perspektiv, der eg vil drøfte kva mekanismar som fører til språkleg endring eller språkleg stabilitet i Rindal. Såleis vil ein vesentleg del av studien vere på eit deskriptivt plan, der eg legg fram kvantitative analysar av datamaterialet, ved å presentere variasjonsmønster i form av tradisjonelle versus modifiserte variantar. Eg vil også leggje vekt på eit eksplanatorisk nivå, der eg med utgangspunkt i dei kvalitative intervjuva vil forsøkje å forklare ungdommane sine språklege val og haldningar. I tillegg vil eg trekkje inn studiar frå andre trønderske språksamfunn for å samanlikne språklege tendensar. Hårstad (2004), Røyneland (2005) og Hilmo (2012) vil vere sentrale på dette området.

Eg har valt å ikkje leggje fram teorigrunnlaget mitt i eit eige kapittel, men å heller generere teorien undervegs i forskingsprosessen. Denne tilnæringsmåten blir kalla ”grounded theory” (jf. t.d. Glaser & Strauss 1967), då denne prosessen inneber suksessive

presiseringar av teoretiske konsept i takt med at nytt datamateriell og tolkingar blir lagt fram. Teorien veks såleis fram frå ein empirisk basis gjennom ein gjentakande induktiv prosess. Ved å gjere det på denne måten minimerer eg risikoen for at den framlagte teorien ikkje heng i hop med empirien og drøftingane, samstundes som at oppgåva vonleg blir opplevd meir samanhengande og enklare å lese.

1.1 Motivasjon

Eigeninteresse har heilt klart vege tyngst i valet av studieobjekt. Eg har sjølv vakse opp i bygda Rindal, og har difor tileigna meg lokalkunnskap både om området og dialekten på desse åra. Sjølv om det snart er ti år sidan eg flytta ut for å gå på skule og studere, får eg stadig merksemd for den særeigne dialekten, og interessa for min eigen dialekt har auka i takt med åra eg har studert nordisk språk ved NTNU.

Det er ikkje gjort mykje språkforskning i Rindal tidlegare. Ivar Aasen reiste i 1846 forbi, og la i staden hovudvekt på Surnadal og Sunndal i arbeidet med det nordmørske målområdet. Eilert Mo publiserte *Ei lita utgreidning um stavingsdeling i rindalsmaale* og *Tonelagstilhøve i rindalsk*¹ i høvesvis 1914 og 1922, og sidan har Rindal stort sett fått vere i fred for språkforskarar. Interessa og engasjementet kring dialekten blant dei lokale har likevel vore stor, og det er gjeve ut fleire artiklar om rindalsmålet i årsskrifta til Rindal Heimbygdlag², og oppretta eigne dialektforum på Facebook og den lokale nettportalen, trollheimsporten.no. Dialektforuma inneheld naturleg nok diskusjonar av dialektologisk art, ofte i form av tradisjonelle og arkaiske ord og variantar som stort sett har gått ut av bruk i den yngre generasjonen i bygda. Eg skal langt frå leggje vekt på dette aspektet ved dialekten, men nemner det, då det no verkar å vere eit stort skilje mellom eldre og yngre dialektbrukarar i Rindal på nettopp dette leksikalske området. Gjennom min funksjon som lærar og fotballtrenar merkar eg eit skilje berre mellom meg og dei som er ti år yngre, og kanskje eit endå større skilje mellom meg og dei eldste generasjonane. Sjølv om denne tendensen er rådande i heile landet, har dette sjølvsagt vore ein inspirerande faktor i val av nett dette studieområdet.

¹ Eilert Mo vart rettleia av Amund B. Larsen ved universitetet i Kristiania i desse arbeida, og brevkorrespondansen dei i mellom fekk Mo seinare bunde inn.

² ”Rindal Heimbygdlag skal arbeida for å halda vedlike det verdfulle i bygdekulturen, auke kjennskapen til og vørdnaden for vår eigen kulturarv, så denne kan bli førd vidare inn i framtidssamfunnet” (Foseide 2012).

1.2 Problemformulering

Som eg allereie har nemnt, vil eg gjere analysar både på mikro- og på makronivå. Eg vil både sjå på den einskilde språkbrukaren og på språksamfunnet Rindal. Ein del av studien blir presentert på eit deskriptivt plan, der eg vil leggje fram kvantitative analysar av datamaterialet. Samstundes vil eg fokusere på ungdommane sine språklege val og haldningar, der analysen får ein meir eksplanatorisk karakter. Eg vil i tillegg sjå på korleis språksamfunnet kan ha tyding for språkbrukarane på mikronivå. Problemstillinga mi er såleis todelt:

- I. *Kva karakteriserer talemålet til dei ulike informantane, og kva haldningar har dei til rindalsdialekten?*
- II. *Kva karakteriserer språksamfunnet Rindal, og kva tyding kan det ha for den språklege røynda til informantane?*

Ved å dele problemstillinga og analysen i to vil eg skildre den språklege røynda hos ungdommane, samstundes som eg vil forsøkje å forklare dei språklege tendensane eg avdekkjer i datamaterialet mitt. I den fyrste delen vil eg undersøkje i kva grad informantane brukar tradisjonelle eller modifiserte variantar i rindalsmålet. Det vil i tillegg vere forvitneleg å sjå på kva former som held seg stabile og på kva former som får nye variantar. Når eg skal forsøkje å forklare kvifor ungdommane har ulike realiseringar, vil det vere naudsynt å sjå på den einskilde si livsverd, noko eg vil gjere gjennom ulike informantportrett. Eg vil avslutningsvis trekkje inn makronivået for å forklare språklege endringar i ljøs av samfunnet generelt.

1.2.1 Avklåring av omgrep

Språk, dialekt, talemål og varietet er omgrep som ofte blir nytta om kvarandre, men dei har ikkje same tyding. I daglegtaleten blir *dialekt* ofte tillagt ei avgrensa geografisk tilhøyrse, noko som også stemmer med Hanssen (2012:11) sin vitskapelege definisjon av omgrepet: Dialekt er ”en språklig varietet som er knyttet til en geografisk lokalitet.” *Varietet* er eit nyttig omgrep i språksamanheng, og blir bruka som ”en art av et språk” (op.cit.:13), det vil seie ei kvar språkleg eining med eit heilskapleg språkssystem, som til dømes ein dialekt eller eit regionalspråk.

Sjølv om desse språklege termene har ulik tyding, kjem eg til å nytte dei om kvarandre for å skape større variasjon i teksten. Når eg vidare vel å omtale målføra i blant anna Trondheim og Oslo som *dialektar* og *mål*, er eg medviten om at dette er idealiserte system, der det sjølvsagt finst fleire dialektvariantar av ein og same variabel.

2. Rindal – Porten til Trollheimen

*Du fagre heimbygd, vår fødestad.
Du gjev oss vyrke å finne
til runeskrift på ditt sogeblad
i sus av store minne.*

Frå Rindalssongen av Rolv Storholt

Føremålet med dette kapittelet er å presentere bygda Rindal geografisk, historisk og demografisk. Det er ikkje plass til å utbrodere, men eg har forsøkt å skissere ei oversikt og å trekkje inn det mest relevante, då dette vil danne eit bakteppe for analysen av språksamfunnet Rindal i kapittel 5. Samstundes vil eg gjere ei kort utgreiing av somme særeigne dialekttrekk i den rindalske varietetten. Somme av desse trekka vil fungere som språklege variablar, noko eg kjem attende til i analysedelen av oppgåva, i høvesvis kapittel 4 og 5.


2.2 Geografi, historikk og demografi

Rindal kommune ligg geografisk plassert på Nordmøre i Møre og Romsdal fylke. Kommunen grensar til Surnadal i vest, Hemne og Orkdalen i nord, og Meldalen i aust. Trollheimen er lokalisert i sør, der bygda grensar mot Oppdal, Rennebu og Sunndal. Med unnatak av Sunndal og Surnadal, som bae ligg i Møre og Romsdal, er resten av grensekommunane lokalisert i Sør-Trøndelag fylke. Flatevidda i Rindal ligg på om lag 600 kvadratkilometer, og er den einaste kommunen i Møre og Romsdal som ikkje grensar til sjøområde. Karlstrøm (1999) lagar eit bilete der han skildrar



Figur 1. Kart over Rindal kommune

Rindal som ei hand. Som me ser i Figur 1, greinar handa seg frå Rindalsplataet og Rindal Sentrum nedst i bygda og ut i fem fingrar. I sør-aust ligg Romundstadbygda og Elshaug med



Figur 2. Kart over Møre og Romsdal

Grønlifeltet i aust. Lomundalen tek av frå Rindalsskogen i nord-aust, og mellom Skogen og Lomundal ligg Rördalen. I handrota mot Surnadal finn me grendene Aune og Bolme.

Rindal kommune søkte om å bli ein del av Sør-Trøndelag fylke fyrste gong i 1949, og sidan

har dette temaet stadig vore å finne på agendaen i kommunepolitikken. Rindal ligg 95 kilometer sør-vest for Trondheim, og ”trønderhovudstaden” er såleis mykje nærare enn dei tre største mørebyane Kristiansund, Molde og Ålesund. Når rindalingane tek ein tur til ”byen”, er det Trondheim og ikkje byane på Møre det er snakk om. Samstundes er det nærast tabu å kle seg i moldedrakt i bygda, og ikkje i Rosenborg sine fargar. Identiteten hos mange rindalingar kan med andre ord sjå ut til å ligge i Trøndelag, sjølv om bygda geografisk er lokalisert i Møre og Romsdal fylke.

I 1875 var det registrert over 3000 innbyggjarar i Rindal, men folketalet sokk drastisk mot slutten av 1800-talet medan Amerika-febereren herja. I følgje Lars Nergård (1977) er det registrert heile 1287 rindalingar som flytta til Amerika i denne perioden. Karlstrøm (1999) skriv at Løkken, Orkanger og Trondheim skulle bli dei neste populære stadane å ”emigrere” til, medan mange også flytta til Sunndalsøra etter krigen. Vidare skriv Karlstrøm (*ibid.*) at utflyttinga har vore meir geografisk spreidd dei siste tiåra, og han trur dette hovudsakleg skuldast at ungdommen hyppigare reiser ut for å ta høgare utdanning og seinare får arbeid på andre kantar av landet.

Møbel- og trevareindustrien har sysselsett mange i Rindal dei siste åra, medan jord- og skogbruk tradisjonelt har vore den største næringsvegen i bygda. I samband med innsamlingsarbeidet til *Gards- og Ættesoge for Rindal* frå 1964, skildrar Hans Hyldbakk den gjengse rindaling i føreordet: ”Her har vore lite av ’kondisjonerte’ men mykje av ’muldens frende’” (Karlstrøm 1999:7). I 1959 var det registrert 2541 innbyggjarar i Rindal. Per dags dato er talet nede på 2088³. Som det går ut frå tabellen nedanfor, har Rindal i likskap med mange andre norske kommunar vore prega av nedlegging av gardsdrifter og utflytting. I 1960 dreiv nesten 60 % av dei sysselsette i kommunen anten med skog- eller jordbruk, medan det i

³ Data henta frå Statistisk Sentralbyrå i 2012

2001 var nede i 22.7 %. I dag er talet truleg endå lågare.

Tabell 1. Sysselsette 16 - 74 år med arbeidsstad i kommunen, Rindal

Næring	1960	1970	1990	2001
Jordbruk, skogbruk	58 %	50,2 %	33,3 %	22,7 %
Industri- og bergverksdrift	10,3 %	15,2 %	14,7 %	23,9 %
Bygge- og anleggsverksemd	11,1 %	9,8 %	9 %	9,2 %
Kraft- og vassforsyning	-	0,4 %	0,6 %	0,6 %
Varehandel, hotell og restaurantverksemd	0,4 %	5,1 %	7,7 %	11,1 %
Transport og kommunikasjon	5,9 %	5 %	3,5 %	1,2 %
Finansiell og forretningsmessig tenesteyting	0,5 %	0,8 %	2,8 %	3,9 %
Offentleg forvaltning og anna tenesteyting	10 %	10,7 %	28,5 %	27,6 %
Sum	96,2 %	97,2 %	100 %	99,7 %

(Kjelde: *Folke- og boligtelling 1960, 1970, 1990 og 2001. SSB*)

Skiproduksjon har også sysselsett mange i Rindal, då det har vore heile fire skifabrikkar i bygda: *Rindal Skifabrikk, Landsem Skifabrikk, Trollski og Trollheimen Skifabrikk*. Rindal skifabrikk vart grunnlagt så tidleg som i 1918, og produserte ski fram til 1978. Landsem Skifabrikk (1946-1988) hadde på midten av 1980-talet kring 70 tilsette og produserte om lag 100 000 skipar i året (Gjelstenli 2012). I tillegg til produksjonsarbeidarar har bygda også fostra mange gode skiløparar. Frå 1925-1985 vann einkvan frå Rindal medalje i kvart einaste NM på ski, anten i junior- eller seniorklasse. Skiløparar frå Rindal har også vunne medaljar både i VM og i OL (Løfaldli 2007). Mange av skia som har vore med på medaljeferd står no signerte av vinnarane og utstilte i skiavdelinga ved Rindal Bygdemuseum. Utstillinga skal snart utvidast og flyttast til eit mykje omdiskutert skimuseum, som får ein byggjekostnad på om lag tjue millionar. Rindal er, med andre ord, framleis ein stor skikommune, der gamle tradisjonar blir løfta fram som eit varemerke for kommunen. Med Trollheimen i ”bakgarden” og eit godt utvikla lysløypenett, er det framleis moglegheiter for å gjere det stort i skiløypene, eller berre ta seg ein trimtur.

2.2.1 ”Rindal – tid til å leve”

Her det så godt som ingen kø for å få barnehageplass, og vi har vann i svømmebassenget. Og blir du her riktig lenge er det ingen som må bo på samme rom på sykehjemmet heller.

(Tidlegare ordførar, Jon Ole Aspli, til TV2)

Rindal har, som tidlegare nemnt, vore prega av større utflytting enn innflytting dei seinare åra før det nyleg stoppa opp. Eg brukar ordet *prega*, då kommunen har vore særskilt oppteken av å snu denne trenden. Eitt av tiltaka er merkevareprosjektet og slagordet ”Tid til å leve”, som etter kvart har fått ei eiga internettside og eit blad, som kjem ut to gongar i året. ”Rindal er en aktiv og levende kommune som er i ferd med å snu den fraflyttinga som mange norske kommuner sliter med” (tidtilåleve.no). På internettsidene blir det reklamert blant anna om at det er ”5 minutt til alt ein treng” (*ibid.*) og at Rindal og Trollheimen er eit eldorado for friluftinteresserte. Næringslivet blir framheva som innovativt, og det blir reklamert om at mange av bedriftene gjev økonomisk stønad til vidareutdanning. Kommunen tilbyr også alle nyinnflytta ei fadderordning, for å enklare kunne komme inn i miljøet i bygda.

Rindal kommune vart i 2005 målt til å vere landets beste kommune å bu i av Statistisk Sentralbyrås levekårsundersøking (ssb.no). Samstundes ligg Rindal kommune stadig i toppsjiktet blant norske kommunar i NHO (Næringslivets Hovudorganisasjon) sitt næringsmeisterskap. Dette eit slags noregsmeisterskap i det å drive godt næringsliv, i følgje TV 2. ”Her er vakre, lille Rindal en vinner. Igjen og igjen” (Venæs 2011).

2.3 Rindalsmålet

Skulle eg ha skriva om alle dialektkjennemerka ved rindalsdialekten i denne studien, ville eg raskt ha sprengt formatet. Eg vil i dette underkapittelet vere selektiv og gjere greie for eit utval særtrekk ved rindalsmålet som er spesielt markante. Her har artikkelen til Arne Aune frå Heimbygdlaget (1986) vore til god hjelp, der han blant anna har henta inspirasjon frå læraren og språkforskaren Eilert Moe (1879-1936). Innsamlingane dei har gjort, er av tradisjonell art med rotfeste i den tidlege dialektologien. Eg vel likevel å nytte desse kjeldene for å definere dei tradisjonelle formene av dialekten, då eg meiner at dei aller fleste formene framleis er gjeldande for vaksne rindalingar i dag.

Rindalsmålet blir, i følgje Papazian og Helleland (2005), som regel åtskilt frå møre-dialektane og klassifisert som vest-trøndersk på dialektkartet. Papazian og Helleland (op.cit.:118) har lista følgjande punkt om dei trønderske dialektsærtrekka:

- Konsekvent konsonantforlenging i gamle kortstavingsord, både ein- og tostava.
- Apokope etter jamveksregelen, dvs. overveksord. Lengst går apokope i infinitiv og svake hokjønn, og i preteritum av e-verb og kortverb og somme adverb.
- Mykje jamning, særleg i dei indre delane.
- Tjukk /l/, på Nordmøre berre av eldre /l/.
- Palatalisering av eldre dentalar, på Nordmøre både i trykklette og trykkunge stavingar.
- Endinga /-a/ i sterke hokjønnsord i b.eint. og i inkjekjønnsord b.fl. Dei svake hokjønnsorda har same endinga, bortsett frå på Nordmøre og den nordlege delen av ytre Namdalen, som har /-å/ (-o).
- /r/-bortfall i pres. av svake verb, og i ub. flt. av substantiv. Men omlydssubstantiva har /-er/ og /-en/ (/bøker, hejner/) i nord og på Nordmøre, men /-0/ og /-(e)n/ (/bøk, hejñ/) i det meste av Sør-Trøndelag, som Gudbrandsdalen.
- Svake hokjønnsord har halde på eigne flt.-former med /-å (-o)/ og /-åñ (-oñ)/ på Nordmøre og i ein del andre trøndermål.
- I sør (Nordmøre og vestre Sør-Trøndelag) og nord (Namdalen) har a-verba endinga /-a/ og e-verba /-i/ eller /-e/: /kast-a/, men lys-i/ eller /lys-e/.
- Perf. part. n av sterke verb endar i nord på /-i/, t.d. /vorri (verri, virri)/, i sør på /-e:/ vorre (verre, verre).
- I pers. pron. er /æ/ den vanlege forma i 1. p. eint., men også /e/, /je/, /æi(g)/ og /i/ finst. I 2. p. eint. er /ho/ den vanlegaste forma. Flt. formene er vanlegvis /vi-åss/, di-dåkk(er)/ eller berre /dåkk(er)/, og /dæmm/. Nektingsadverbiet er vanlegvis /icc/ (Nordmøre/ iççe/, bymåla også /ikke/), og spørjeorda har former med /k-/: /kæmm, ka, kor/ osv.

Som me ser, skil Nordmøre seg ut på fleire av punkta, men dei nordmørske kjennetrekka stemmer ikkje alltid overeins med rindalsmålet. Ein kan stort sett plassere rindalsmålet under trønderske særtrekk, og ikkje under nordmørske. I Rindal seier ein til dømes *klokka*, som elles i Trøndelag, og ikkje *klokkå*, som dei gjer i blant anna nordmørskommunane Sunndal og Surnadal, (jf. punkt 6). Det er heller ikkje ending /-er/ og /-en/ (/bøker, hejner/) i omlydssubstantiva i Rindal, (jf. punkt 7), men /-0/ og /-(e)n/, som i (/bøk og hejñ/). I staden for det nordmørske nektingsadverbet /iççe/ brukar ein den trønderske forma /icc/. Dette er truleg ein av grunnane til at rindalingar går under nemninga ”reservetrønderar.”

2.3.1. Cirkumflekstonem

Cirkumfleks eller *tviteken vokal* oppstår hovudsakleg i ord med apokope (Lieberman 1982). Dette prosodiske trekket finn ein fyrst og fremst i det trønderske målområdet og i somme nordnorske dialektar. I fleire grammatiske kategoriar har cirkumfleks kome inn i staden for *tonem 2*, og ein kan anten seie at rotvokalen blir tillagd ekstra staving eller får eit vokalisk tillegg (Skjekkeland 2005). For utanforståande kan dette tillegget oppfattast som sær avstikkande, og eg fekk ein gong passet mitt påskrive av ein klassekamerat frå Trondheim: ”Det er ikkje to ’o-ar’ i post, Idun”. Eilert Mo (1915) kalla dette fenomenet for *deling på vokal* i si avhandling *Ei lita utgreiding om stavingsdeling i rindalsmaale. Serleg um deling på vokal*: ”At ei staving er delt på vokalen, vil segja at vokalen blir uttala med greidt skilte steg i tonen, so de i grunnen er tvo stavingar” (Mo 1915:5). Han nyttar blant anna *grö’t, stæ’r, ka’st, res’t, og mjøksu’p* som døme. [´] markerer ”tonelagsteikn og aksent i den delte st.”

medan [ʔ] ”vert her bruka som delingsmerke naar ei staving er delt på vokalen”, altså sjølve cirkumfleksen (Mo 1922:11-12, Mo 1915:2-3).

2.3.2 Monoftongering (diftongforenkling)

I Rindal, som i store delar av Sør-Trøndelag og elles på Nordmøre, er det ei sterk monoftongering i vokalismen. Skjekkeland (2005:47) skriv at dei norrøne diftongane i dag er monoftongerte der det kjem ein kort eller lang konsonant etter diftongen, som i til dømes ”be:n, ste:n, rø:k, rø:s, lø:s, frø:s (bein, stein, røyk, røys, laus, fraus)”. I rindalsdialekten har monoftongeringa ført til eit nytt fonem som monoftongeringsprodukt. Der det vanlegvis skjer eit fonemsamanfall kor monoftongeringsproduktet fell saman med vokalen som finst frå før, t.d. bein til be:n, har det her utvikla seg ein mellomting. Fonemet /ɛ:/ skil seg frå /e/ og /æ/, og bein blir såleis uttala /bɛ:n/. Det same gjeld norrøn *au* som vanlegvis går over til /ø/, jf. røyk til rø:k. I staden for fonemsamanfall har det også her oppstått eit sjølvstendig fonem der *au* blir til /ø:/⁴ (op.cit.:48). Fleire av informantane mine nemnte dette spesielle ljodtrekket som særskild for dialekten, og då særleg i form av ordet /grø:t/, som dei hadde fått reaksjonar på av folk utanfrå bygda. Dette trekket kan med andre ord seiast å vere salient (jf. kap. 4.1.1).

2.3.3 Palatalisering

Heile det trønderske målområdet har palatalisering, men det er forskjellar både i språkleg distribusjon og geografisk utbreiing (Hårstad 2004). Alle dei trønderske måla palataliserer alveolarar, og i Rindal og elles på Nordmøre blir alveolarar palatalisert både i trykksterk og trykklett staving, dvs. ”både i typen mannj og i typen gu:tanj b.fl.” (Skjekkeland 2005:169). Tradisjonelt har ein også hatt ein god del palatalisering av dei velare plosivane -g og -k i innljod og utljod i ord som *sko:g – sko:ja*, *ta:k – ’ta:kje*, *bækk – ’bækkjinj*, *å tenkj* (tenkja) og *å sø:kj* (søkja) osv. (*ibid.*). Sjå døme nedanfor for palatalisering av dei ulike konsonanttypane:

Palatale plosivar:	[c] (= palatalisert t) /icc/ “itj”
	[ɟ] (= palatalisert d) /gajfjellø/ “Gaddfjellet”
Palatal lateral:	[ʎ] (= palatalisert l) /baʎʎ/ “ball”
Palatale frikativar:	[ç] (= palatalisert k) /çøɾø/ “kjøle”
	[j] (= palatalisert g) /skoja/ “skogen”
Palatal nasal:	[ɲ] (= palatalisert n) /lerarɲ/ “lærarane”

⁴ Skjekkeland opererer med norvegiavarianten /ö/, men sidan eg held meg til IPA-systemet, byter eg ut denne med varianten /ø/ (sjå. kap. 3.3.2 om transkripsjon).

2.3.4 Talord

Talorda i rindalsmålet liknar den norrøne talemåten, og har ikkje endra seg stort dei siste tusen åra. Norrøn /á/ hadde uttale tilnærma ein moderne, norsk /å/, og me ser då at det er stort sett berre n-endinga som har falle vekk: 13 – þrettán, 14 – fjórtán, 15 – fim(m)tán, 16 – sextán, 17 – sjaut(j)án, 18 – áttján, 19 – níttján (Haugen 2008).

Tradisjonelle former: 13 – /trecå/, 14 – /fjoṭå/, 15 – /fæmtå/, 16 – /sækstå/, 17 – /syçå/, 18 – /a:çå/, 19 – /niçå/.

Modifiserte former: 13 – /trecn/, 14 – /fjoṭn/, 15 – /fæmtn/, 16 – /sækstn/, 17 – /søtn/, 18 – /atn/, 19 – /nitn/.

2.3.5 Jamning

Trøndelag og dei indre delane av Austlandet utgjør dei såkalla jamvektsområda (Hanssen 2012). Jamvektsorda hadde opphavleg lik lengde og trykk i baa stavingane: Dei var korte og hadde om lag det same trykket. Stammevokalen og endingsvokalen i dei to stavingane utvikla seg etterkvart til å jamne seg til kvarandre, slik at dei vart anten like eller meir like enn før. Liksom omljoden før norrøn periode, er jamning ein assimilasjon mellom vokalane i dei to stavingane. Ei fullstendig assimilering eller *utjamning* tyder at vokalen i fyrste og andre staving har vorte identiske, medan *tiljamning* vil seie at vokalane har nærma seg utan å ha vorte heilt like. Jamningsformene har ikkje vorte tekne opp i korkje bokmål eller nynorsk, og blir difor avvikande frå skriftnormene og standardtalemåla, og er i følge Papazian og Helleland (2005) såleis eit typisk bygdefenomen. Arne Aune (1986) skriv at det tradisjonelt har vore fleire høve av utjamning i rindalsmålet tidlegare enn kva det var per dags dato i 1986, noko som samsvarar med Papazian og Helleland (op.cit.:48) sine spådommar om at ”jamvektsorda [...] har truleg inga lang framtid i bygdemåla heller.”

Tradisjonelle former: /fårrå/ (dra/fare, v.), /vårrå/ (være, v.), /jærræ/ (gjøre, v.), /sçtjærræ/, (skjære, v.), /dåggå/ (dager, m.), /svårrå/ (svare, v.), /vættæ/ (vite, v.).

Modifiserte former: /fæ:r/, /væ:r/ /jæ:r/, /fæ:r/, /da:ga/, /sva:r/, /vi:t/.

2.3.6 Affrikaten [sçtʃ]⁵

Ord som byrjar med konsonantsambanda *skj*, *stj* og *sk* blir i tradisjonelt rindalsmål uttala med ein t-ljud i etterkant av den ustemte postalveolare frikativen /ʃ/. Ljoden opptrer stort sett i ordinitial posisjon, og somme gongar også i ordmedial posisjon. Opphavet er i følgje Jenstad⁶ (personleg kommunikasjon) i utgangspunktet ljodsekvensen /skj/, og dessutan opphavleg /sk/ framfor høge, fremre vokalar og diftongane *-ei* og *-øy*, der konsonantsambandet i eit slikt tilfelle har vorte palatalisert. I staden for å gå på /ʃi:/, så går dei fleste rindalingar på /sçtʃi:/. Denne språklyden er særst avstikkande, og finst i følgje Jenstad (personleg kommunikasjon) fortrinnsvis i Sunndal, Surnadal og i Rindal, på indre Nordmøre. Konsonantar som består av ein plosiv etterfølgt av ein homorgan (eller nesten homorgan) frikativ, blir kalla ein *affrikat*. Homorgane språklydar er lydar som har same artikulasjonsstad. Sjølv om denne typen konsonantar krev to forskjellige artikulasjonar, blir den altså rekna som ein einskild språklyd og ein eigen konsonanttype.

Tradisjonelle former: /sçtʃo:r/ (skjor, f.), /sçtʃi:/ (ski, f.), /sçtʃjo:t/ (skjorte, f.),
/sçtʃæ:ræ/ (skjære, v.), /sçtʃæ:mest/ (skjemmes, v.), /sçtʃy:t/ (skyte, v.)
Modifiserte former: /ʃo:r/ eller /fæ:re/, /ʃi:/, /ʃo:t/, /fæ:re/, /fæmmest/, /fy:t/.

2.3.7 Vokalveksling ("senking"/"lågning")

Ord som historisk vart uttala med ein kort /i/, /e/, eller /y/, men no blir uttala med ein lågare vokal i staden, har vorte råka av fenomenet senking (Skjekkeland 2005). Vokalen kan bli forlenga framfor eldre korte konsonantar i kortstavingsord, noko som er tilfellet i Rindal. Her har eg konsentrert meg om senking frå /i/ til /e/, slik at i staden for /frisk/, (adj.) og /fisk/ (m.) får me uttalen /fresk/ og /fesk/. Dei modifiserte variantane går derimot attende til den opphavlege norrøne vokalkvaliteten.

Tradisjonelle former: /sekker/ (sikker, adj.), /hekst/ (hikste, v.), /musekk/ (musikk, m.).
Modifiserte former: /sikker/, /hikst/, /musikk/.

⁵ Eg har valt å konstruere ein fonetisk sekvens i IPA for dette konsonantsambandet. Sjå Jenstad (1985:19) for ljodskrift i Norvegia.

⁶ Sjå Jenstad (1985:99) for meir informasjon om desse konsonantsambanda, og om korleis dei opptrer i sunndalsmålet.

2.3.8 *A*-verb i presens

A-verb er verb som blir bøygd med /-ar/ i presens og /-a/ i preteritum og perfektum partisipp på nynorsk. Dei fleste dialektar bøyer etter same mønster som i nynorsk både i *e*-verb og *a*-verb, men Sandøy (2003), Papazian og Helleland (2005) og Skjekkeland (2009) skriv at bruk av /-e/ i både *e*-verb og *a*-verb spreier seg til blant anna Vestlandet. Denne tendensen ser me også i rindalsmålet. Medan det no finst realiseringar av /-e/ i både *e*-verb og *a*-verb, har det tradisjonelt vore omvendt – at ein har bøygd *e*-verb som *a*-verb i presens. Til dømes kan *e*-verbet *å prøve* bli bøygd /prøvæ/ i presens, der vokalkvaliteten i endingsvokalen er ein blanding av /a/ og /æ/. Den same endinga har tradisjonelt vorte bruka i *a*-verb – *å hoppe* og *å snakke* blir bøygd /håppæ/ og /snakkæ/ i presens.

Tradisjonelle former: /håppæ/ (hopper), /snakkæ/ (snakker), /kastæ/ (kaster)

Modifiserte former: /håppe/, /snake/, /kaste/

3. Metode

I det følgjande kapittelet vil eg gjere greie for og grunngje dei ulike metodologiske vala eg har gjort med tanke på datainnsamlinga i denne studien. Ulike metodiske utfordringar eg har møtt i prosessen, vil også bli diskuterte nærare.

Som mellom anna Stian Hårstad (2004) og Marie K. Bakås (1998) har skrivne før meg – dei metodiske tilnærmingane og analyseteknikkane i den sosiolingvistiske vitskapsdisiplinen er frå før av grundig diskutert og drøfta i ei rekke avhandlingar, sjå blant anna Mæhlum (1992) og Røyneland (1994). Eg vil av den grunn ikkje halde fram med ei liknande vitskapsteoretisk drøfting av desse tilhøva, men vil heller fokusere på dei konkrete metodane og analysemåtene eg har valt. Eg vil fyrst presentere metodane og grunngje vala eg har gjort, før eg vidare tek føre meg feltarbeid, datainnsamling og handsaming av materialet. Til slutt vil eg drøfte ulike utfordringar eg har møtt i prosessen, og i tillegg forklare korleis eg har valt å skriftfeste talesekvensane som blir lagde fram i denne studien.

3.1 Val av metode

Val av metode avhenger kort sagt av kva det er ein ynskjer å finne ut. Problemstillinga mi er todelt, der eg både ynskjer å sjå på kva som karakteriserer språket til dei ulike informantane, og vidare finne ut kva haldningar dei har til rindalsdialekten. Difor har eg også valt å bruke forskjellige metodar i handsaminga av datamaterialet. Dei to overordna framgangsmåtene i vitskapleg forskning går høvesvis under kategoriane kvantitative og kvalitative metodar. Ved bruk av kvantitativ metode er tradisjonen å kvantifisere eller telje variablane i datamaterialet. Tradisjonelt har informantane ofte vore talrike i desse studiane, for at ein vidare skal kunne generalisere resultat ut frå eit representativt utval av informantar. I motsetnad til kvantitativ forskning inneheld kvalitativ forskning få informantar, og ein forskar heller på einskildindividet i staden for å generalisere resultat og å finne gjennomsnitt. Postholm (2010:32) skriv at ”kvalitativ forskning innebærer å utforske menneskelige prosesser eller problemer i en virkelig setting” og at kvalitative studiar er skapte ut frå ynskje om å ”forstå den andre”. Kvalitativ metode blir nytta når ein vil *forstå* eit fenomen, ikkje for å *måle* eit fenomen, som i kvantitativ metode. Motsetnadane mellom desse metodane er i høg grad idealisert, og det er vanleg å kombinere desse metodiske tilnærmingane i vitskaplege undersøkingar for å oppnå ei djupare forståing av fenomen ein vil forske på.

Sjølv nytta eg ei såkalla metodetriangulering i handsaminga av datamaterialet, då denne metoden er adekvat for å kaste ljøs over fleire ulike sider ved materialet. Ved bruk av

kvantitativ metode får ein kort sagt oversyn, medan kvalitativ metode kan hjelpe oss til å få djupare innsyn og innsikt. For å velje informantar til intervju, nytta eg spørjeskjema, som er ein typisk kvantitativ metode. Vidare arbeidde eg kvalitativt under dei fem intervju, medan eg i analysen både har kvantifisert språklege variablar og gjort kvalitative analysar på bakgrunn av dei same intervju. Medan det i tidlege sosiolingvistiske studiar særleg vart lagt vekt på kvantitative aspekt i språkforskinga, har nyare sosiolingvistikkk opna for å inkludere subjektive faktorar som personlege haldningar blant informantane, for å best mogleg kunne forklare språkleg variasjon og endring (jf. t.d. Hårstad 2010). Som eit supplement til dei kvantitative variablane, har eg lagt vekt på subjektive erfaringar kring dialektbruk hos informantane, som eg seinare vil framstille gjennom blant anna tre informantportrett.

3.2 Val av informantar

I arbeidet med å velje ut informantar til intervju, bruka eg eit spørjeskjema for å innhente data. Dette skjemaet omfatta sosiale variablar på mikronivå, som kjønn, alder, bustad, opphav og val av vidare utdanning (sjå vedlegg 1 for fullstendig spørjeskjema). Eg var oppteken av å dokumentere og velje ut eit mangfald hos ungdommane, samstundes som dei måtte oppfylle visse kriterium homogent: Eg ville intervju elevar av baa kjønn og med forskjellige bustadar i kommunen, men alle informantane måtte ha budd i bygda heile livet og ha baa foreldra sine frå Rindal. Dei ulike variablane er lagde til grunn for å forsøkje å avdekkje somme utviklingstendensar i rindalsmålet hos dei unge språkbrukarane i bygda. Eg vil leggje vekt på at eg ikkje vil generalisere resultata på eit statistisk nivå, sidan utvalet mitt er nokså snevert. Eg kjem likevel til å trekkje somme slutningar om språksamfunnet Rindal, men då på eit meir analytisk nivå. Det er til dømes ikkje slik at all variasjon nødvendigvis fører til endring, då språkleg variasjon kan vere relativt stabil over tid (jf. t.d. Mæhlum og Røyneland 2012). Ein må såleis innlemme også andre faktorarar i vurderinga av potensiell språkendring.

Det finst ikkje vidaregåande skule i Rindal, og difor må elevane etter ungdomsskulen anten pendle til nabokommunen Surnadal eller flytte på hybel til Løkken, Orkanger, Trondheim eller vestover i Møre og Romsdal. Som nemnt tidlegare, er eg oppteken av å intervju ungdommar som enno ikkje har flytta frå Rindal. Eg ynskjer å dokumentere korleis dialektlandskapet og ungdommane sine haldningar til dialekten ser ut før dei til dagleg byrjar å kommunisere med folk utanfor bygda. Difor blir ungdomsskuleelevar det naturlege utvalet, her representert av 9.- og 10.-klassingar, altså fjorten-, femten- og sekstenåringar. Kjønn er

ikkje den viktigaste variabelen, men eg er oppteken av at studien skal representere normalfordelinga elles i samfunnet, og samstundes tilfredsstillende mi eiga nysgjerrighet.

Når det gjeld kravet om mangfald, ynskte eg å intervjuje elevar frå forskjellige bustadar i kommunen. Grunna formatet på oppgåva, får eg ikkje høve til å inkludere representantar frå alle grendene, men eg har lagt vekt på å intervjuje elevar busett i sentrum og elevar frå Rindalsskogen, sidan desse er delte opp i to ulike skulekrinsar fram til dei blir slegne saman på ungdomsskulen. Eg hadde kanskje eit uvanleg strengt krav til opphav hos elevane eg skulle intervjuje: For å ha minst mogleg påverknad av eksterne faktorar, sette eg som føresetnad at både informanten og både foreldra skulle ha vakse opp i Rindal. Dette er ikkje eit like strengt krav i all sosiolingvistisk forskning, men har metodologiske røter i den tidlege dialektologien. Nyare forskning viser at born stort sett ikkje ”arvar” talemålet til foreldra sine, men heller vel språklege strategiar ut frå den rådande varieteten hos jamaldringar i sitt språksamfunn (jf. t.d. Trudgill 1986). Eg valde likevel å halde på denne føresetnaden, då det av dei 32 spurte elevane i 9. trinn, var heile 12 som oppfylte kravet, medan det i 10. trinn var 6 av 28 som responderte positivt på spørsmålet. Av desse til saman 18 elevane plukka eg ut sju informantar, høvesvis fire jenter og tre gutar frå forskjellige plassar i bygda. For å få ei viss spreing av ungdommar med omsyn til framtidige yrkesval, ynskte eg å plukke ut ungdommar som ville velje yrkesfag på den eine sida, og studiespesialiserande på den andre, for å sjå om eg fann ulike tendensar. To av dei sju informantane tok sikte på ei yrkesfagleg utdanning, men ei var ikkje hundre prosent sikker enno. Berre ei av dei andre var tydeleg på at ho skulle gå studiespesialiserande etter ungdomsskulen, medan valet låg mellom studiespesialiserande, idrettsfag eller toppidrett med studiespesialisering hos dei resterande fire. Sjølv om storparten tok sikte på ei idrettsfagleg vidaregåande utdanning, presiserte tre av desse fire at den studiespesialiserande delen av studiet var viktig for dei, og at dei ville ta høgare utdanning etter vidaregåande.

Sidan det ikkje finst nokon grammatikk for rindalsmålet, måtte eg også plukke ut eldre informantar til å stadfeste dei grammatiske kategoriane eg brukar i studien. Her plukka eg ut tre eldre rindalingar som eg visste hadde kjennskap til og interesse for den lokale dialekten.

3.3 Feltarbeid, datainnsamling og handsaming av materialet

Prosessen med å samle inn data var todelt. Fyrst nytta eg eit spørjeskjema i to av trinna ved Rindal skule for å velje hovudinformatar, før eg vidare gjennomførte kvalitative forskingsintervju med dei sju elevane eg plukka ut. Innsamlinga tok til saman fire dagar, og

spørjeundersøkinga var gjort unna på éin dag. Eg bruka nokre dagar på å plukke ut informantar, før eg kom attende til skulen veka etter for å gjere intervju. Eg gjorde to intervju om dagen fordelt over tre dagar, og kvart intervju varte i om lag femten til tjue minutt.

På førehand hadde eg avtalt med norsklærarane på trinnet, samt rektor og undervisningsinspektør om at eg fekk sleppe til for å gjere datainnsamlinga på skulen. Dei var veldig samarbeidsvillige og positive til prosjektet, og let meg disponere ledige rom, og bruke fyrste del av norsktimen på det eine trinnet til spørjeskjemaet. På det andre trinnet nytta eg langfriminuttet same dag, og eg var difor litt nervøs for om eg kom til å få noko særleg oppslutning til undersøkinga. Eg informerte båe klassane om at undersøkinga var frivillig, men alle elevane som var til stades på skulen den dagen, stilte opp i pausen sin. For at eg skulle kunne plukke ut informantane og intervju dei på grunnlag av svara deira, var det naudsynt at dei skreiv på namna sine før dei leverte. Undersøkinga vart difor ikkje anonym, men eg presiserte at eg ikkje kom til å bruke namna deira i undersøkinga. I tillegg til at spørjeundersøkinga fungerte som eit reiskap til å plukke ut hovudinformatar, har eg også bruka opplysningar frå undersøkinga med dei resterande informantane elles i analysen. Å vere med på intervju var sjølv sagt også frivillig, og eg sendte med ei samtykkeerklæring til dei føresette med informasjon om studien, der både elev og føresette skulle skrive under, før eg tok til med intervju (samtykkeerklæringa finst i vedlegg 2). Eg hadde i utgangspunktet tenkt å intervju seks elevar, men då det var ei som kvitte seg og sa ”Kvifor vil du snakke med meg? Eg snakkar då ikkje så mykje dialekt?”, føreslo eg at ho kunne ha med seg ei venninne eg hadde ført opp som reservekandidat. Slik fekk eg med både ho og ein person til, noko eg ser på som ein bonus, då eg fekk høyre korleis dei snakka seg i mellom.

Intervju var basert på dei same spørsmåla som i spørjeundersøkinga, men i staden for å følge dette skjemaet slavisk, snakka me litt laust og fast i tillegg. Særleg fekk eg dei til å greie ut om interessene sine, for å få dei til å gløyme settinga litt og berre snakke om noko dei kunne mykje om, slik at eg fekk høyre mest mogleg uanstrengt tale. Denne intervjumetoden blir gjerne kalla for eit ”ustrukturert forskingsintervju” (Postholm 2010:69). For å unngå rapportering av språkbruk, spurte eg ikkje om kva variantar av ein variabel dei trudde dei bruka, men spurte til dømes i staden om kor gamle dei var, sjølv om eg visste dette frå før av. Dette gjorde eg for å høyre kva variant av talorda dei nytta, og det viste seg at dei færreste bruka dei tradisjonelle variantane *fjortå* og *fæmtå*, men modifiserte til *fjortn* og *fæmtn*. Eg provoserte også fram bruk av ord som *ski* og *liknande*, for å sjå om dei nytta den tradisjonelle språkljoden /*çt*/. Denne varianten var det berre ein av informantane som nytta. Ved å bruke

kvalitativt forskingsintervju som metode, hadde opptaka såleis ein *dobbel informasjonsverdi*. På den eine sida fekk eg informasjon om den sosiale røyndommen til informantane, samstundes som eg fekk kartlagt dei språklege realiseringane deira.

3.3.1 utfordringar knytt til datainnsamling

Det er knytt mange metodiske utfordringar til sosiolingvistisk forskning. Eg skal ikkje grave i gamle metodefeidar her, men berre nemne somme av dei utfordringane eg tykkjer er mest relevante for mine innsamlingsmetodar.

Når ein skal forsøkje å kartlegge språket til ein informant, er det vanskeleg å vite om informanten snakkar sitt naturlege talemål under intervjuet. Ein kan risikere at informanten ”legg om”, som det heiter på folkemunne. Tilpassingsteorien, eller akkomodasjonsteorien, er utvikla med eit ynskje om å forstå og forklare individuelle veksingar avhengig av kven vi snakkar med (jf. t.d. Giles & Smith, 1979). Anten kan ein tilpasse seg samtalepartnaren ved å nærme seg den andre personen sin måte å snakke på, eller ein kan tilpasse seg ved å opptre meir ulikt. Dei to fenomen blir høvesvis kalla konvergering og divergering. Mæhlum et al. (2003) skriv at akkomodasjonsteorien er eit forsøk på å klargjere sosiale og psykologiske føresetnader for slike språklege strategiar. Om intervjuobjektet er klar over at forskaren skal forsøkje å avdekkje intra-individuell variasjon eller kartlegge ulike dialekttrekk, kan det i nokre tilfelle bli slik at han snakkar endå meir arkaisk enn han vanlegvis brukar dersom han er glad i dialekten eller språket sitt. Det kan også verke andre vegen: Ein person som ikkje identifiserer seg med dialekten eller språket, vil kunne divergere endå meir enn kva han vanlegvis gjer for å markere avstand til varietetten. Dette fenomenet blir kalla ”the observer’s paradox”, då det er umogleg for forskaren å vite om han observerer det ”naturlege” talemålet til informantane eller ikkje. Seinare har det også vore diskutert kor vidt ein verkeleg har eit naturleg talemål, eller ”vernacular speech”, som Labov (1972:208) kallar det. Eg vil ikkje gå inn på denne diskusjonen her, men har i bakhovudet at dialektbruken min – som er nokså tradisjonell – kan ha påverka informantane under intervjuet.

Ein måte å løyse dette på, er å ikkje avsløre for informanten at ein er ute etter måten dei snakkar på. På førehand sa eg til informantane at dei kom til å bli stilte dei same spørsmåla under intervjuet som dei tidlegare hadde fått i spørjeskjemaet, men at dei no kanskje hadde fått tenkt og reflektert litt meir, og kunne gje meir utfyllande svar. Slik vona eg å rette fokuset til elevane mot spørsmåla, slik at dei ikkje skulle tenkje at eg sat og vurderte kva former av dialekten dei tok i bruk under intervjuet. Trass dette er det stort sannsyn for at

informantane tenkte ekstra over måten dei formulerte seg på og kva former av dialekten dei bruka under intervjuet, sidan dei visste at eg var interessert i å avdekkje haldningane deira til nett rindalsdialekten. Ta til dømes elevsitatet i kap. 3.3, der ein elev ikkje forstod kvifor eg hadde plukka ut nett ho, sidan ho ikkje snakka særleg utprega rindalsdialekt. Eg reknar med at fleire enn ho trudde at føremålet mitt var å snakke med dei som snakka ”breiast” mogleg, og at dei difor også nytta fleire tradisjonelle former under intervjuet enn dei kanskje gjer til vanleg. Det faktum at eg sjølv brukar fleire tradisjonelle variantar enn dei fleste i denne aldersgruppa, har også kunne vore med å påverke måten informantane snakka på. Den eine informanten bruka så mange modifiserte former under intervjuet at eg sjølv valte å modifisere somme variantar, for ikkje å ”forstyrre” variantane som tydelegvis kjentes naturlege for ho å bruke.

I byrjinga av intervjuet presiserte eg at dei måtte svare så ærleg som dei kunne, utan å leggje vekt på kva det var dei trudde at eg ville høyre. Eg mistenkte til dømes på førehand at somme ville ha vanskeleg for å innrømme at dei la om dialekten når dei kommuniserte med folk som ikkje var frå bygda. Ein har sjølv sagt ingen garanti for at alle svara er heilt ærlege, men eg vel å tru at informantane svarte så oppriktig som mogleg. Det kan sjølv sagt stillast spørsmål om det etiske grunnlaget, når ein ikkje informerer om alle variablane ein er ute etter før eit intervju, men det er heller ikkje vanleg i sosiolingvistisk forskning. Då intervjuet var ferdige, opplyste eg informantane om at eg kom til å skrive ein karakteristikk av dialektbruken til den enkelte, og at analysen min til dels kom til å dreie seg om måten dei hadde snakka på under intervjuet. Ingen av informantane hadde innvendingar mot dette.

Sidan eg frå før har god kjennskap til studieområdet mitt, vil det vere umogleg for meg å leggje til side bakgrunnskunnskap og personlege erfaringar i denne studien. I tillegg til datamaterialet mitt, kjem eg difor til å supplere med meir usystematiske observasjonar eg har gjort tidlegare i dette språksamfunnet.

3.3.2 Transkripsjon

Ved skriftfesting av talesekvensar i datamaterialet mitt har eg teke i bruk IPA – *The International Phonetic Alphabet*. Grunnen til at eg ikkje brukar *Norvegia*, som kanskje er meir lesarvennleg, er at det er IPA eg har mest kjennskap til. Det er også dette systemet som er mest vanleg å bruke i moderne språkforskning. For at materialet mitt skal vere tilgjengeleg også for folk utan språkvitskapleg bakgrunn, fylgjer eg ikkje systemet slavisk. Der det er dobbeltkonsonant, skriv eg dobbeltkonsonant med vanlege latinske bokstavar, i staden for éin

konsonant. Eg brukar likevel lengdeteiknet, [:], for å markere lang vokal. Ved cirkumfleks gjer eg likevel eit unnatak, og markerer då med ['] mellom bokstavane. Cirkumfleks er også det einaste prosodiske tilhøvet eg kjem til å markere. Eg vil i tillegg forenkla systemet ved å til dømes skrive latinsk /r/, som eigentleg markerer alveolar *trille*, i staden for IPA-varianten /r/ for alveolar *tapp* og *flapp*.

Tabell 2. Oversikt over konsonantar i ljodskrift

Konsonantar	IPA	Døme på framstilling
Palatal nasal	ɲ	/leraraɲ/ - (lærarane)
Velar nasal	ŋ	/maŋ/ - (mange)
Stemd palatal lateral	ʎ	/baʎʎ/ - (ball)
Ustemd palatal plosiv	c	/icc/ - (ikke)
Stemd palatal plosiv	ɟ	/Gaɟɟjella/ - (Gaddfjellet)
Ustemd postalveolar frikativ	ʃ	/ʃokolade/ - (sjokolade)
Ustemd palatal frikativ	ç	/çølə/ - (kjøle, veldig)
Retrofleks flapp	ɽ	/æɽg/ - (elg)
Retrofleks nasal	ɳ	/suɳdaɽeɳ/ - (surnadaling)
Ustemd retrofleks plosiv	ɮ	/fjoɮå/ - (fjorten)
Ustemd affrikat	sçtʃi	/sçtʃi:/ - (ski)

Vokalismen vil bli markert med ein ortografi slik me kjenner den frå det latinske alfabetet, i tillegg til at eg vil operere med eit par ”spesialvokalar”, som skil seg frå normalortografien. /vɔɔɔ/ blir i tråd med alle dei nemnte endringane, gjort om til /vårrå/.

Tabell 3. Oversikt over vokalar i ljodskrift

Vokalar	IPA	Døme på framstilling
Halvopen, fremre, urunda	ɛ:	/bɛ:n/ - (bein)
Schwa	ə	/çølə/ - (kjøle, veldig)
Halvtrong, midtre, runda	ø	/grø:t/ - (grøt)

Når eg legg vekt på dei lingvistiske aspekta i ein talesekvens, vil eg bruke IPA-teikn omgjeve av //. Når eg i hovudsak er oppteken av å presentere meiningsinnhaldet, vil eg gje att ytringane med normalortografi og ”hengande komma” kring sitatet eller parafraseringa. Slik blir det også enklare å lese sitata frå informantane mine.

DEL 2: Analyse

Ved å sjå på forskingsobjektet mitt frå fleire vinklar vonar eg å kunne få eit meir nyansert bilete av språksituasjonen i Rindal og utviklingstendensane i rindalsmålet. Medan eg i kapittel 4 presenterer kvantitative data og kommenterer denne empirien, vil eg i kapittel 5 forsøkje å forklare både variasjonen og dei variantane som held seg stabile. I fyrste kapittel av analysedelen (kapittel 4) skal eg fokusere på den einskilde *språkbrukaren* og analysere data på mikronivå. Deretter skiftar eg perspektiv og konsentrerer meg om *språksamfunnet* i kapittel 5. Her vil eg mellom anna drøfte kva slags språksamfunn dette er, før eg vidare vil diskutere ulike forklaringsfaktorar for den språklege røynda i Rindal.

Røyneland (2005:95) skriv at det er viktig å få tak på både dei psykologiske forholda som er med på å styre individets val, og dei meir samfunnsstrukturelle forholda som set rammene for og avgrensar dei individuelle vala. Sjølv om eg deler inn kapitla i høvesvis mikro- og makronivå, er det vanskeleg å skilje desse perspektiva frå kvarandre når ein skal forklare språklege mekanismar. Ein kan ikkje forklare språkleg endring eller stabilitet berre ved hjelp av det eine eller det andre perspektivet. Språklege realiseringar kan berre bli utført av einskildindivid, og lingvistiske uttrykk oppstår såleis på eit mikronivå. Samstundes kan me finne kjelda til desse realiseringane i samfunnstilhøva, og språkendingar kan difor sjåast på som eit fenomen på makronivå (jf. t.d. Hårstad 2010).

4. Individet i sentrum – eller *frammi garda*

Mannen sjølv er det, som ber Maalet. Maalet er den beste Maaten han hev til aa syna seg sjølv fram.

(Ivar Aasen, 1884)

Sentrum i Rindal blir på folkemunne kalla *frammi garda*. Som me såg i kapittel 2.2, er Rindal opphavleg eit lite og ruralt bondesamfunn, noko *frammi garda* er eit treffande døme på. Eg skal i neste kapittel komme attende til språket i eit samfunnsperspektiv, medan hovudfokuset i denne delen av analysen vil liggje på einskildindividet. Eg vil leggje fram den språklege empirien eg har samla inn, og også sjå på kva *erfaringar* og *haldningar* dei ulike ungdommane har til talemålet i heimbygda si. Ei kvantitativ analyse av dei språklege realiseringane frå intervjua blir lagt fram som supplement til dei kvalitative analysane gjennom tre ulike informantportrett. Avslutningsvis vil eg gjere greie for kvar einskild variabel, og også kommentere andre språklege funn frå alle sju intervjua.

4.1 Språklege variablar

Sidan Labov (1966) tok i bruk *språklege variablar* som ein del av analysemetoden i si undersøking av språklege tilhøve i New York, har dette vore eit sentralt element i sosiolingvistisk forskning. Swann et al. (2004:190) definerer den språklege variabelen som ”a feature that has two or more identifiable linguistic forms, or realisations.” Ein språkleg variabel må med andre ord ha fleire moglege realiseringar i variantar. Labov opererte berre med fonologiske variablar, men ein kan også avdekkje variasjon på prosodiske, leksikalske, morfologiske og syntaktiske nivå. Når ein opererer med språklege variablar, er det nett for å kartlegge variasjon av einskilde språktrekk for slik å kunne analysere desse både hos den einskilde informanten og informantane i mellom. I studiet av språkleg variasjon er det vanleg å operere med fleire variablar for å kunne gjere ei heilskapleg kartlegging, samanlikning og analyse av talemålet til informantane. Dette er både plass- og tidkrevjande, og ein må difor velje ut språklege variablar ein meiner er interessante og relevante i den einskilde studien.

Utvalet av variablar vil ha stor tyding for det endelege resultatet, og det er fleire kriterier ein må ta omsyn til under utveljinga av variablar. Labov (1966:49) la i si tid fire krav som grunnlag for seleksjonen av variablar i sitt pionerarbeid. Variablane må ha høg frekvens; dei bør ha ein viss immunitet mot medviten undertrykking; dei bør vere integrerte einingar i større strukturar og dei bør enkelt kunne kvantifiserast på ein lineær skala. Desse krava har i stor grad prega tidleg sosiolingvistisk forskning, men i samband med at nyare sosiolingvistiske

studiar heller er kvalitativt orientert, har desse ideala bleikna med åra. Det at variablane må ha ein viss frekvens, tykkjer eg framleis er viktig, og dette har eg teke omsyn til då eg måtte ta stilling til kva variablar som skulle vere endelege i arbeidet mitt. Til dømes vart talorda ekskluderte frå ei kvantifisering, då informantane berre nemnte desse ein til fem gongar under intervjuet. Eg har gjort eit unnatak med affrikaten [sçtʰ], då fleire av informantane mine nemnte variabelen som særskild for rindalsmålet, og ein kan difor kalle trekket *salient* (sjå kap. 4.1.1). Sjølv om dette trekket er på tur ut av ungdommane sitt talemål, var det ein av informantane som ikkje modifiserte dette trekket i det heile. Det tykkjer eg er grunn nok til å innlemme variabelen i undersøkinga, sjølv om det då er med på å heve den gjennomsnittlege modifiseringsprosenten.

Sidan eg sjølv har vakse opp i Rindal, hadde eg på førehand gjort meg nokre tankar om kva språklege variablar som kunne vere aktuelle. Eg venta likevel med å avgjere kva eg skulle bruke, før eg hadde høyrte gjennom intervjuet eit par gongar, for å forsikre meg om at variablane var relevante ut frå kriteria nemnde ovanfor. På bakgrunn av desse kriteria enda eg opp med følgjande variablar:

I. *Jamning* [JAMN]⁷

II. *Affrikaten* [sçtʰ] [AFF]

III. *Vokalveksling (lågning)* [I>E]

IV. *a-verb i presens* [A-VERB]

4.1.1 Saliens

In contact with speakers of other language varieties, speakers modify those features of their own varieties of which they are most aware.

(Peter Trudgill 1986:10-11)

Eg har tidlegare nemnt at rindalsmålet har språklege trekk som skil seg ut på fleire område, og som folk gjerne er særleg medvitne om. Slike trekk blir gjerne kalla saliente, då dei seier noko om graden av språkleg medvit kring eit særskild språktrekk. Det er riktig nok ikkje språktrekket i seg sjølv som *er* salient, men oppfatningane omverda har av trekket, som *gjer* det salient. Det var hovudsakleg trekk på leksikalsk nivå ungdommane var opptekne av, men affrikaten [sçtʰ], cirkumfleksen og vokalismen er døme på fonologiske trekk dei sjølve kom på. Dei særskilde talorda vart også hyppig nemnt. Eg vil her supplere med den sterke

⁷ Sjå kap. 2.3.5-2.3.8 for ei detaljert skildring av dei einskilde variablane.

monoftongeringa, jamninga og apokopen som eg stadig får tilbakemeldingar på ute i det ganske land, sjølv om desse trekka kanskje kan seiast å vere mindre saliente, då dei er utbreidde også i andre dialektar. Peter Trudgill (1986) hevdar at språktrekk som blir stigmatiserte, er meir saliente enn andre språkdrag. Samstundes kan saliens også vere årsaka til nett denne stigmatiseringa. Det blir såleis eit sirkulært omgrep, som i følgje Hinskens (1996), vanskeleg kan hevdast å gje ei tilfredsstillande forklaring på kvifor me er meir medvitne kring somme variantar enn andre. Saliens kan såleis brukast både til å forklare nivellering og stabilitet av ulike språktrekk. Trudgill (*ibid.*) er samstundes inne på at andre sosiale og psykologiske faktorar kan komme i tillegg til saliens for å forklare kvifor eit trekk er meir eller mindre resistant enn andre. Det er også slik Røyneland (2005) vel å bruke omgrepet – som ein av fleire potensielle forklaringsfaktorar som kan gje ei djupare forståing av kvifor somme trekk er meir utsette for nivellering enn andre.

Saliens er med andre ord eit sær problematisk omgrep å operere med, iallfall som eksplanatorisk faktor åleine. Eg vil, som Røyneland, likevel nytte termen for å gjere lesaren merksam på kva språktrekk informantane mine oppgjev som særskilde for dialekten, og korleis dei vidare omtalar desse trekka. Saliensomgrepet kan såleis fungere som ein av fleire forklaringsfaktorar for språkleg nivellering eller stabilitet, alt ettersom kva språktrekk det er, og kva haldningar informantane har til dei einskilde språktrekka.

4.2 Informantportrett

Eg har plukka ut tre informantar frå ulike stadar i bygda, høvesvis Bolme, sentrum og Lomundal, som eg vidare vil presentere via individuelle informantportrett. Siktemålet med desse portretta er få djupare innsikt i livsverda til einskildindividua, og samstundes få greie på ulike erfaringar og haldningar dei har til rindalsdialekten og andre varietetar. Dette kan vidare brukast til å analysere dei språklege vala dei tek. På mange punkt er dei tre ungdommane like, blant anna når det gjeld positive haldningar til bygda og dialekten, men dei representerer likevel ulike språklege strategiar. Medan *Olav* held til på nedre del av modifieringsskalaen, finn me *Birk* nærare midten, medan *Sofie* ligg øvst på skalaen med flest realiseringar av modifiererte variantar av dialekten.

Rindal er ei lita bygd, og det skal ikkje mykje informasjon til for at lokalfolk kan resonnerer seg fram til kven som skjuler seg attom pseudonyma. Av etiske omsyn har eg så godt det let seg gjere, forsøkt å anonymisere informantane. Til dømes har eg gjeve dei fiktive namn og stilisert yrkesopplysningane til foreldra. Eg meiner likevel at portretta eg har teikna,

gjev tilstrekkeleg informasjon til å danne eit bilete av dei einskilde individa. I tillegg til å presentere bakgrunnsinformasjon og informantane sine personlege meiningar, erfaringar og haldningar kring dialekten og bygda, vil eg supplere med eit variabelskjema for å vise dei språklege realiseringane til kvar einskild informant.

4.2.1 "Olav"

E snakka nå fæl somti, da. Son, e sie nå skulinj estan fær skulå og son, og da bli e nå rettja på.

(Olav)

Olav er fjorten år og kjem frå Bolme, som ligg i vestre del av Rindal. Foreldra hans har budd i bygda heile livet, og dei arbeider båe i servicebransjen. Han er også ganske sikker på at alle fire besteforeldra hans har budd her nesten heile livet. Olav har lyst til å søkje toppidrett med fotball på vidaregåande, "minnj hanj far he nå løst te at e ska tak realfag, fær det e så få så tek det." Olav fortel at han er glad i praktiske fag, som kunst og handverk, mat og helse og kroppsøving, men at matematikk også er "gøittj når det går bra." Når Olav er ferdig med utdanning vil han flytte attende til bygda fordi han "trivest guste godt her." Han grunngjev det med at det er kort veg til alt, hyggjelege folk i bygda, og at han reknar med at vener også skal flytte attende til Rindal.

Olav nyttar i all hovudsak tradisjonelle former av dialekten under intervjuet. Han har den lågaste modifieringsgraden av alle informantane: berre 1.75 % av dei trekka som er undersøkte, er modifiererte. I spørjeskjemaet han fylte ut på førehand, skreiv han på dialekt, og ikkje på hovudmålet sitt. Olav gjev uttrykk av å vere stolt av dialekten sin, men innrømmer likevel at det ikkje er sikkert at han kjem til å halde på dialekten når han flyttar for å ta utdanning. Han seier likevel at han sjølv sagt skal prøve så godt han kan. Det spørst litt på kor han drar i landet. Det hender at han legg om, fortel han, slik at dei han snakkar med skal forstå kva han seier. Oftast forklarar han orda dei ikkje forstår, slik at han kan nytte "rindalsk" terminologi neste gong. Men om dei han snakkar med ikkje forstår noko som helst, meiner han at han ikkje har so mykje val. Når han til dømes snakkar med svenskar, brukar han som regel å snakke litt svensk, men ikkje så mykje som det Fredrik Skavlan gjer, seier han, då det ikkje er naudsynt å leggje om /lik gæ[ɹ]e/ som han.

Variabelskjema, Olav Gjennomsnittleg modifiseringsprosent: 1,75%	Trad.former	Mod.former	Totalt	Modifiserings- prosent
JAMN	11	0	11	0 %
AFF	8	0	8	0 %
I>E	13	1	14	7 %
A-VERB	20	0	20	0 %

På spørsmål om han har fått positive eller negative reaksjonar på dialekten sin i kontakt med folk som ikkje snakkar rindalsdialekt, svarar han at: ”dæm sie at det e tøft språk, da, og at det hørrest tøft ut, minnj’e – dæm tykkje nå det er litt rart å. Så det henja at e må slå om fær at dæm ska færstat litt.” Han held fram med at det er tala ”syttjå, attjå, nittjå⁸ og smø’ør og son” som mange tykkjer er rart og ikkje forstår. Han legg også vekt på at somme einskildord er spesielle for dialekten, som dei ”utæbøgdes” ikkje har like lett for å forstå.

Det e nå mæsta uansett kvar oss e, så har dæm nå bakels, dæm sie vaffel, mæsteparten, så. Det /sçtjønna/ dæm itj. Det va fotbaillturnereng e Skaun, dæm færsto itj mykkjy når e skoillj hainjdel e kassinj. Det va nå, e sa nå at e villja ha bakels, da, og det færsto dæm itj, også mått e nå færklar, da, att det va vaffel, så dæm sie.

Når Olav introduserer seg, seier han at han likar å gå på /sçti:/ (ski). Han seier også /sçtjønna/ (skjønner) fleire gongar. Olav er den einaste av dei sju eg intervjuar, som brukar denne tradisjonelle språklyden, og han snakkar generelt meir konservativt og tradisjonelt enn dei andre informantane. Cirkumfleks blir bruka av alle informantane, men Olav er ein av få som er medviten om trekket, og nemner dette når eg spør etter særtrekk for rindalsdialekten. ”Oss he mykkjy dobbelt, lekså, hæll son to’ehh, vokala hæll kva det no hette, ette kvarar, son så til *da’am* og *ba’akels* og son.” Sjølv registrerer eg at han nyttar denne såkalla doble vokalen i blant *anna* /by’yn/, /fo’otbaλλ/, /væ’æt/ og /smø’ør/ under intervjuet.

Det er ikkje alltid at Olav er like konsekvent i språkbruken. I sitatet ovanfor modifiserer han ved å seie ”har” i staden for ”he” i presensforma av verbet ”å ha”. Elles er han konsekvent og seier ”he” i resten av intervjuet.

Vokabularet til Olav skil seg også ein del frå dei andre informantane, og særleg i frå jentene. Han seier både /gøcc/, /bæssmor/far/, /attejdat/ (tilbake), /dø e nå/ (det er da), /guste/ (veldig), /tyççe/, /syçå/, /a:çå/, /niçå/ og /bakels/.

⁸ 17 – /syçå/, 18 – /a:çå/, 19 – /niçå/

4.2.2 "Birk"

E går på /sçti/, minnj e sie nå ski sjøl, og det e nå egentle fæl da, minnj det e nå vanle blanjt ønger å sæi ski, læll om det opprinnjele ska vårrå /sçti/, da.

(Birk)

Birk er femten år og bur i sentrum i Rindal. På fritida driv Birk mykje med idrett, mellom anna langrenn og fotball, og han er også interessert i musikk. På vidaregåande tenkjer han å søkje seg til idrettsfag på Orkanger, som ligg midt mellom Rindal og Trondheim. Han reknar med at han kjem til å ta høgare utdanning etterpå, men veit ikkje heilt kva det blir enno. Mora til Birk har ei sjefsstilling, medan faren arbeider som handverkar. I motsetnad til dei andre informantane eg intervjuar, er ikkje Birk like bastant kring det å flytte attende til bygda. Det spørst kor han får seg arbeid, og om han får seg "kvinnjfolk", som han humoristisk seier. Det er med andre ord fleire faktorarar som spelar inn, og han er heilt open for kor i landet han endar opp til slutt.

Birk er den einaste av intervjuobjekta som er heilt sikker på at han kjem til å endre på dialekten når han flyttar for å gå på vidaregåande skule. Han har ein eldre bror som også har gått ved same skule, og har merka seg korleis han gradvis har mista særtrekk ved rindalsdialekten dei tre åra han har gått på vidaregåande skule. Birk merkar også at han sjølv konvergerer dialekten sin automatisk og tilpassar seg samtalepartnaren når han snakkar med folk som ikkje er frå Rindal. Fyrst og fremst legg han vekk det han kallar "spesialord", men han hevdar også at han på eit generelt grunnlag snakkar "litt finar" i kontakt med folk som snakkar "annjsless". Likevel presiserer Birk at "e tykkje itj det e skamle i det hæletatt å snakk dialekt, nei, det e bærre gøittj, tykkje e egentle." Sjølv om han tykkjer at det er morosamt med dialekt, og at han er stolt over å være rindaling, er det det å ikkje bli forstått som er hovudproblemet, og det er hovudsakleg også difor han konvergerer dialekten. I og med at han er mykje i Trøndelag i høve med idrettslege aktivitetar, er det helst "finare trønderdialekt" han hevdar å konvergere mot.

På spørsmål om han tykkjer at han snakkar likeins som besteforeldra og foreldra sine, svarar Birk at han ikkje snakkar likeins som dei i det heile, og at besteforeldra igjen snakkar endå breiare enn kva foreldra hans gjer. I spørsmål 20 på spørjeskjemaet⁹ spurte eg "Kor brei rindalsdialekt tykkjer du sjølv at du snakkar på ein skala frå 0 til 10?" Her hadde Birk laga to skalaar som han svarta ut frå:

⁹ Sjå vedlegg 1

- a. ”På barn- og ungeskalaen” (0-18 år) er jeg på 10.
 b. På ”voksenskalaen” er jeg på 7.

Sjølv om han seier at han ikkje snakkar så brei rindalsdialekt, meiner han at det ikkje lenger er vanleg blant unge å snakke særleg breiare enn kva han gjer, og at ganske mange unge ikkje snakkar rindaling i det heile. Somme snakkar litt surnadaling og somme litt trønder, seier han. Dette trur han skuldast at fleire har foreldre som ikkje er frå bygda. Samanliknar han seg derimot med vaksne, merkar han at han ikkje snakkar så breitt. Han trur også at dei som er frå Rindalsskogen, i større grad brukar trønderske variantar, sidan dei bur så nær grensa til Trøndelag. Birk seier at ingen av lærarane deira er frå Rindal eller snakkar rindaling, men han trur ikkje at dette er med på å påverke at hans generasjon snakkar mindre breitt enn kva foreldra deira gjer (eg vil diskutere dette temaet nærare i kap. 5.2.2). Han mistenkjer heller at ungdommane påverkar kvarandre, og at dei elevane som nyttar dialektvariantar frå Surnadal eller Trøndelag etter foreldra sine, smittar desse over på elevane som snakkar rindaling.

Sjølv om Birk hevdar å leggje om i kontakt med folk som ikkje er frå bygda, er han ein av informantane med lågast modifieringsprosent av dei utvalde variablane. Det hadde vore interessant å høyre korleis dette eventuelt hadde forandra seg om intervjuaren ikkje hadde snakka den lokale dialekten.

Variabelskjema, Birk Gjennomsnittleg modifieringsprosent:31,5%	Trad.former	Mod.former	Totalt	Modifierings- prosent
JAMN	13	0	13	0 %
AFF	0	2	2	100 %
I>E	33	8	41	20 %
A-VERB	15	1	16	6 %

Bokmål har ikkje særleg høg status hos ungdommane eg intervjuar. Når Birk skriv på Facebook eller SMS, skriv han på dialekt, og ikkje på hovudmålet bokmål. Som fleire andre, oppgjev han at bokmål berre blir nytta som skriftspråk i sosiale medium når dei skriv ”på toill.” Engelske ord og slang er meir nytta enn bokmål når dei fyrst skal låne ord når dei chattar, og då kanskje mest til forkortingar. I formelle høve skriv han derimot på bokmål – også på spørjeskjemaet.

4.2.3 ”Sofie”

E tykkje itj det e nå skamle å snakke rindaling. [...] E føle itj at e snakke så bredt rindaling, egentle itj.

(Sofie)

Sofie bur i Lomundal, på nordsida av bygda. På fritida driv ho med fotball og handball, og tenkjer å søkje seg til idrettsfag når ho er ferdig på ungdomsskulen. Sofie har lyst til å flytte attende til Rindal når ho /bʲi ɡammɛʲ/, men gjev uttrykk for at ho gjerne vil komme seg litt ut av bygda fyrst. Ho er særst begeistra for det gode miljøet ved skulen, og vil at også ungane hennar skal få oppleve dette på sikt. Sofie trur ho kjem til å halde på dialekten når ho flyttar for å gå på vidaregåande, ”men e snakke nå itj så bredt rindaling frå fær, da.” I dette sitatet ser me døme både på *a*-verb som blir modifisert og bøygd som *e*-verb i presens, og dessutan at ho seier /men/ i staden for /mɪɲɲ/, som er den tradisjonelle varianten i rindalsmålet.

Variabelskjema, Sofie Gjennomsnittleg modifiseringsprosent:64,5%	Trad.former	Mod.former	Totalt	Modifiserings- prosent
JAMN	3	1	4	25 %
AFF	0	4	4	100 %
I>E	12	14	26	54 %
A-VERB	5	19	24	79 %

Sofie vart intervjuva saman med ”Marie”, då ho ottast for å bli intervjuva åleine (jf. kap. 3.3). Det var interessant å observere kor ulike variantar venninnene bruka gjennom intervjuet, og det såg ikkje ut til at dei vart nemneverdig påverka av kvarandre. Marie hadde den lågaste modifiseringsgraden av alle jentene på 33,25 %, medan Sofie låg på heile 64,5 %. Den einaste gongen Sofie verka litt brydd, var då ho sa at ho var /sækstn/, medan Marie svara rett etterpå at ho var /fæmtå/, snart /sækstå/. Sofie er medviten om at ho ikkje snakkar så breitt som det kanskje er vanleg å gjere blant ungdommar i Rindal, men ho har ingen idé om kvifor. Sofie er glad i bygda si og verdiane som blir fremja her, og ho har lyst til å flytte attende på sikt. Ho seier også at ho er stolt over å snakke rindalsdialekt, og at det ikkje finst /skamlø/. Det er heller /gøcc/ når slektningane i hovudstaden ikkje skjønner kva ho seier. Det er difor vanskeleg å skulde på desse faktorane for at ho snakkar så ”fint” som ho gjer. Men på liknande måte som Birk hender det at ho går medviten inn for å nøytralisere somme ord. Ho

fann til dømes fort ut at folk i Oslo ikkje har peiling på kva /jɛ:tslɛ:p/, altså skogssnegle, tyder.

Som dei andre ungdommane svarar Marie og Sofie at dei brukar rindaling når dei skriv på Internett, då hovudmålet verkar altfor formelt og stivt når dei chattar med jamaldringar. Bokmål blir heller teke i bruk om dei til dømes skal skrive ei melding til læraren. Hjartespåket er med andre ord rindalsdialekt, som dei brukar når dei skriv med vener.

Sofie er, som tidlegare nemnt, medviten om at ho ikkje snakkar så breitt. Ho førte opp 5-6 då ho skulle avgjere kor breitt ho sjølv snakka på ein skala frå 1-10. Dette var det lågaste talet blant alle informantane, og det skulle også vise seg å stemme bra med dei kvantitative målingane av dei språklege realiseringane hennar. Marie supplerer med at blant ungdommar i dag vil ho kategorisere dialekten sin som 9.5 på skalaen, men at talet blir betrakteleg lågare om ho skal samanlikne talemålet sitt med den vaksne varieteten – då ligg ho iallfall ikkje høgare enn på 8.

4.2.4 Samla vurdering av variablane for alle hovudinformatane

Variabel	Olav	Markus	Birk	Marie	Julie	Line	Sofie	Gj.snitt
JAMN	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	37,5 %	25 %	9 %
A- VERB	0 %	0 %	6 %	8 %	15 %	42 %	79 %	21 %
I>E	7 %	14 %	20 %	25 %	32 %	20 %	54 %	25 %
AFF	0 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %	86 %
Gj.snitt	1,75 %	28,5 %	31,5 %	33,25 %	36,75 %	50 %	64,5 %	

Figur 3. Samla variabelskjema for dei sju hovudinformatane

I. Jamning

Berre to av dei sju informantane modifiserte opphavlege jamvektsord, og den gjennomsnittlege modifiseringsgraden ligg på 9 %. Det verkar som om jamningsformene er dei mest stabile av språkdraga eg har undersøkt. Også i Hilmo (2012) sin studie frå Tydal ser jamningsformene ut til å vere av dei mest stabile trekka. Modifiseringsgraden hos informantane hans ligg her på berre 2 %. Verken dei unge eller eldre informantane hans modifiserer dette trekket. Blant mine informantar er det hovudsakleg /å jær/ som erstattar den

tradisjonelle varianten /å jærræ/ i infinitiv¹⁰. I Hårstad (2004) sin studie om ungdom sitt talemål frå Oppdal ligg modifieringsgraden på 17 % i jamningskategorien. Det er derimot ingen av informantane hans som modifierer ved å bruke /jør/ eller /jær/ i staden for det tradisjonelle /jørrå/. I Røynealand (2005) sin studie frå Røros, brukar informantane hennar heile 50 % modifiererte variantar av denne variabelen.

II. Affrikaten [sçtʃ]

Sofie og Marie forsøker å uttale denne ljoden når dei seier /sçtʃiçlɔ/ (flaut) på spørsmål om spesielle ord og særtrekk, men dei får det ikkje til, og dei bryt ut i latter av sitt heller klønete forsøk. Det er denne ljoden som hyppigast blir nemnt av informantane, etter særskilde ord, på spørsmål om spesielle særtrekk ved rindalsdialekten. Trass det høge medvitet er det openbert at dette språktrekket ikkje er ”overlevingsdyktig”. /sçtʃi:/ blir til dømes erstatta med /ʃi:/, og /ʃønnæ/ (skjønner) blir teke i bruk i staden for /sçtʃønnæ/. Berre ein av informantane mine, Olav, opererte med språkljoden, og han realiserte han åtte av åtte ”moglege gongar” under intervjuet. Det hadde vore interessant å undersøkje nabobygdene, Surnadal og Sunndal, for å sjå om stoda er annleis der. Sidan nesten alle informantane nemnte denne variabelen som særskild for dialekten, er denne ljoden eit særleg salient trekk. Då eg sjølv flytta frå Rindal for å gå på vidaregåande, trudde somme av medelevane mine at eg hadde talefeil, heilt til dei fekk høyre ein annan rindaling som bruka det same trekket.

III. Lågning

Lågning er den einaste variabelen som alle informantane modifierer i ein eller annan grad. Det er også den variabelen med mest intra-individuell variasjon. Fleire varierte her realiseringa av eitt og same ord og bruka til dømes /riŋdaɾeŋ/ og /riŋdaɾiŋ/ om kvarandre. Innbyggjarnamn som /suŋdaɾeŋ/ og /mø:reŋ/ vart på eit eller anna tidspunkt modifierert til /suŋdaɾiŋ/ og /mø:riŋ/ av alle, med unntak av Olav. 25 % av formene som opphavleg skulle ha hatt lågning, blir modifierert og uttala med ein høgare vokal, altså med /i/ i staden for /e/. Birk brukar også variantane /musikk/ og /træniŋ/ i staden for /musekk/ og /træneŋ/. I den andre enden av skalaen finn me Olav, som brukar den tradisjonelle varianten /amerekka/, og ikkje modifierer til den standardiserte forma /amerika/. Også i denne kategorien er modifieringsgraden på Oppdal høgare, der han ligg på 29 % (jf. Hårstad 2004).

¹⁰ ”Jær” erstattar også presensforma ”gjerre”, men dette er ikkje ei jamna form.

IV. *a*-verb i presens

Som eg skreiv i kap. 2.3.8, bøyer ein somme *e*-verb som *a*-verb i presens i rindalsdialekten. Dette førekjem hos informanten Olav, då han mellom anna bøyer /prøver/, /meiner/ og /byter/ som høvesvis /prøva/, /mɛ:na/ og /byta/. Modifiseringsgraden hans ligg på 0 % ved dette trekket, medan Sofie er oppe i heile 79 %. Ho seier /snakkə/, /ʃjønnə/, /brukə/ og /prøvə/ i staden for /snakka/, /ʃjønna/ eller /sçtjønna/, /bruka/ og /prøva/ i presens. Dette fenomenet spreier seg som tidlegare nemnt i store delar av landet, og ut frå desse døma ser altså ikkje Rindal ut til å vere noko unnatak. Eg trur likevel ikkje det er snakk om eit hurtig skifte, då den gjennomsnittlege modifiseringsgraden hos gutane i studien er nesten lik 0 %. Hårstad (2004) inkluderte ikkje *a*-verb som språkleg variabel i sin studie frå nabokommunen Oppdal, då trekket med ytst få unnatak vart modifisert av alle informantane. Han skriv at dei tradisjonelle dialektformene i denne kategorien nesten fullstendig har gått ut av bruk i informantgruppa.

4.2.5 Vurdering av andre språktrekk

Ord forandrar seg ofte i takt med at bruksområde blir endra, som til dømes i tradisjonelt jordbruk, handverk og liknande. Likevel er det, som i mange andre målføre, framleis att mange leksem som er særskild for nett dette området. Eg finn det ikkje føremålstenleg å ramse opp ei lang liste, men med god hjelp av informantane mine vil eg leggje fram somme former som kan verke sær ”saliente” eller avstikkande. *Alle* dei sju informantane nemnte ordet /bakels/. Straks dei kjem over kommunegrensene, er det nesten ingen som forstår at dette tyder ”vaffel”. Men det verka ikkje som om dei ville byrje å seie vaffel av den grunn. /gøcc/ (morosamt), /çølə/ og /gustə/ (forsterkarar) ser også ut til å halde seg stabile. Sjølv om desse formene ikkje vart nytta av alle informantane, var det heller ikkje døme på variantar som erstattar desse. Eit ord som ingen av informantane nemnde, men som eg har fått mange kommentarar på utanfor bygda, er /tø:s/. Eg registrerte at fleire av informantane har bytt ut denne varianten med /jænt/ (jente).

Talorda er utsatt både for inter-individuell og intra-individuell variasjon, altså variasjon av ein variabel informantane i mellom, og også hos den einskilde informanten. Fire av dei sju informantane bruka modifiserte variablar som /trecn/, /fjoʔn/ og /fæmtn/ i staden for dei tradisjonelle /trecå/, /fjoʔå/ og /fæmtå/. Ein av informantane bruka både modifiserte og tradisjonelle variantar. Som eg skal komme attende til, treng ikkje variasjon nødvendigvis å føre til endring, og sidan informantane stort sett er medvitne om dette trekket, trur eg ikkje at dei tradisjonelle *talorda* kjem til å gå ut av bruk med det fyrste.

Palatalisering av dei *velare plosivane -g og -k i innljod og utljod* som i /sko:ja/ og /ta:kjə/ førekom nesten ikkje anna enn hos informanten Olav. Det kan difor sjå ut som om dette tradisjonelle trekket er i ferd med å forsvinne.

Cirkumfleks er ein interessant variabel, men som det er vanskeleg å måle utan avansert fonetisk opptaksutstyr. Eg freistar likevel å komme med ei personleg vurdering basert berre på mine eigne øyre, då eg ikkje la merke til at dette trekket vart modifisert av informantane. På grunn av apokopen vil det høyrest merkeleg ut å leggje vekk cirkumfleksen. Eg trur difor cirkumfleksen er eit relativt stabilt trekk i rindalsmålet, då alle informantane mine iallfall hadde full gjennomføring av apokope.

Dei påpeikande pronomena /ta/ (n.), /na/ (f. og m.) og /sa/ (pl.) blir stort sett modifisert til /dejn/ og /dæmm/ av informantane mine. Eg kan sjølv hugse at ein av mine medelevar frå ungdomsskulen fekk tilnamnet /na der/ av sine nye medelevar då han flytta for å gå på vidaregåande i nabobygda Meldal, riktig nok utan at han bytte ut variantane av den grunn.

Rindalsdialekten ser også ut til å ha fått nye *adverb*: /tebakə/, /annørledes/, /ijæn/ (igjen) og /jo/ er nye former informantane mine brukar. Dei tradisjonelle variantane /attəndat/, /ənsless/, /att/ og /nå/ er framleis i bruk blant informantane, så det er med andre ord stor variasjon i informantgruppa. *Preposisjonen* /ujər/ og /te/ (til) i staden for dei tradisjonelle /pojnɪ/ og /åt/ var det også døme på.

Pronomenet /æss/ i subjeksposisjon ser ut til å halde seg stabilt, og ein av informantane fortalte at ho bruka å bli sanksjonert av medelevane sine då ho hadde for vane å seie /vi/. Dette skal eg komme attende til i kap. 5.5.2. Sjølv om ingen av informantane bruka /vi/ under intervjuet, nemnte fleire av dei at medelevar som har budd i bygda heile livet, bruka denne pronomensforma. Det er vanskeleg å seie om dette er ei form som kjem til å bli integrert i rindalsmålet på sikt, i så fall trur eg det kjem til å vere på veldig lang sikt. Også på Oppdal, som på mange måtar kan seiast å ha komme ”lenger” i språkutviklinga enn Rindal, er tradisjonsforma /æss/ i massivt fleirtal (Hårstad 2004).

Eit trekk som overraska meg, var den intra-individuelle variasjonen av *nektingsadverbet* /ikkə/ og /icc/ hos ei av informantane. Realiseringa av /ikke/ var likevel så liten generelt sett at eg valde å ikkje ta med nektingsadverbet som ein av variablane i undersøkinga. Hårstad (2004) fann ein gjennomsnittleg modifiseringsgrad på 11 % ved denne variabelen hos sine informantar på Oppdal, medan Røyneland (2005) sine informantar på Røros var oppe i 21 %. I Tydal, som verkar å vere eit meir stabilt språksamfunn enn både

Oppdal og Røros, modifierer Hilmo (2012) sine informantar dette trekket i like liten grad som i Rindal – det er nesten fråverande.

Eldre rindalingar vil truleg etterlyse *dativ* i mi skildring av rindalsmålet (jf. kap. 2.2). Berre éin av informantane mine nemnte dette trekket som særskild for dialekten, og då er det viktig å påpeike at han hevdar å ha fått opplæring i ”korrekt” dialektbruk av far sin. Dativ er ikkje lenger eit trekk som er særskild for rindalsdialekten slik han blir bruka av unge i dag, og eg høyrer stadig vekk vaksne rindalingar bruke dativ ”feil”. Sjølv brukar eg kasusforma berre i stivna former som i stadnamn, og det same ser eg hos informantane mine. Hilmo (2012) har, i sin studie frå Tydal, bruka dativ i substantiv og i stadnamn som språkleg variabel. Dativ er den variabelen som har den høgaste gjennomsnittlege modifieringsgraden i studien hans. Modifieringsgraden her ligg på heile 70 %. Hilmo (op.cit.:67) hevdar at talet på posisjonar som skulle hatt dativ i tradisjonelt tydalsmål, heller ikkje er særleg stort blant dei unge: ”Det ser altså ut til at ungdommen meir eller mindre medvite unngår syntaktiske konstruksjonar som aktualiserer dativbruk. Dermed blir ikkje dativbortfallet så merkbart som ein kanskje skulle vente seg.” Også Røyneland (2005) og Hårstad (2004) konkluderer med at bruken av dativ på høvesvis Røros og Oppdal er nærast fråverande. Dativbortfallet ser med andre ord ut til å vere del av ein nasjonal nivelleringsstendens.

4.3 Haldningar til bygda og dialekten

Det kanj nå vårrå litt skamle, ja, minnj'e – det e nå bærre gøittj at dæm tykkje det e litt toillje.

(Marie)

Ut frå informantportretta har me allereie fått eit lite innblikk i liva til tre av informantane og måten dei snakkar på. I dette underkapittelet vil eg gå nærare inn på dei spesifikke haldningane som alle sju ytrar om bygda og dialekten. Ein dialekt blir ofte rangert som fin eller stygg ut frå sosiokulturell status og tilhørsle og kor i dialekthierarkiet dialekten er plassert (jf. t.d. Mæhlum 2009). Slike haldningar kan likevel variere frå person til person, og sjølv om ein dialektbrukar kategoriserer sin dialekt som fin, treng likevel ikkje denne dialekten liggje høgt oppe i hierarkiet meir ålment. Det at ein dialekt blir kalla fin, treng heller ikkje vere eintydig positivt lada. Eg skal kome attende dialekthierarki i kap. 5.3.2 om standard og prestisje, der eg mellom anna diskuterer tydinga av eit standardtalemål og om kor vidt ungdommane i Rindal let seg influere av dette.

Eg hadde lyst til å snakke både med ungdommar som uttrykte byrgskap over dialekten sin, og med ungdommar som hadde opplevd å vore flau over han. Eg ville snakke med ungdommar som sa at dei held på dialekten, og med ungdommar som brukar leggje om eller endre dialekten i kontakt med andre. Av dei sju informantane er det berre Birk som trur han kjem til å konvergere rindalsdialekten mot talemålet der han kjem til å flytte for å gå på vidaregåande. Han merkar allereie at han tilpassar dialekten når han reiser ut av bygda i samband med trening og konkurransar. Birk legg vekt på at han aldri har vore flau over dialekten og at han er stolt av å kome frå Rindal, det er derimot praktiske årsaker som ligg til grunn for konvergeringa. Han har også opplevd at broren har lagt om på ”permanent basis” etter tre år vekke på vidaregåande skule, og går ut frå at det blir like vanskeleg for han å halde på dialekten om han ikkje går medviten inn for nett dette.

Dei fleste informantane karakteriserer dialekten som ”gau” (morosam) heller enn fin. På spørsmål om Olav hadde noko å føye til anten om rindalsdialekten eller det å bu i Rindal, svarar han følgjande:

Olav: Det e nå fint å bo e Rinnjdaln, og dialækta e nå fin ho, minnj ho e kanskje itj son *fin* da, på æn måte, minnj. [...] Minnj det e nå, det e itj akkurat son fin son så dæm snakka e Oslo.

Idun: Så du mæna e Oslo, så e det finar, da?

Olav: Hæll, det e nå det det kallast ja – e tykkje itj det, minnj det kalljast finar.

Midt i den fyrste setninga byrjar Olav å tenkje seg om, og sjølv om han tykkjer at dialekten er fin, så kjem han på at *fin* også har ei anna tyding i samband med dialektar enn kva han opphavleg meinte. Då eg etterpå spør om kven han trur har ”fastsett” at Oslo-dialekten er finare enn andre, meiner han at det må vere dei i Oslo. Han legg til at han tykkjer det er greitt at det er slik, då han er vand med å bruke nemningane ”grov” og ”fin” om dialektar, så sjølv om han teiknar eit bilete av sin eigen dialekt som grov, er ho altså mest fin likevel. Marie er ei av dei som karakteriserer dialekten som *gau*, (jf. sitat øvst i kapittelet). Sjølv om ho seier at det til tider kan vere *skamle* å snakke så brei dialekt, legg ho til at det er morosamt å få merksemd for den spesielle dialekten, og at ”det e bærre gøittj at dæm tykkje det e litt toile.” Ho lagar altså ein distinksjon mellom *me* og *dei*. Ho får det til å høyrest ut som om det er ”rindalsdialekten mot resten”. Som nemnt i kap. 4.2.1 treng ein ikkje reise særleg langt for å få kommentarar på rindalsdialekten eller ikkje bli forstått på somme punkt. Eg skal komme attende til dette under kap. 5.3.1 om regionalisering.

4.3.1 "Jentelus" i språket

Eg rører meg no gradvis vekk frå einskildindividua, og over mot eit makronivå, ved å drøfte meir generelle tendensar i gruppefelleskapet. I spørjeundersøkinga ville eg at elevane skulle vurdere kor brei rindalsdialekt dei snakka på ein skala frå 1 til 10. Her planla eg i utgangspunktet å plukke ut somme med høge tal, somme med låge og somme midt på treet til intervjua. Problemet var at *alle* gutane rangerte dialekten sin som anten ni eller ti på skalaen. Av jentene var det derimot fleire som skreiv at dei ikkje snakka så breitt, så her fekk eg intervjua to jenter med høg modifieringsprosent (Marie og Julie) og to jenter som nytta mest tradisjonelle former av dialekten (Line og Sofie). Trass at Marie og Julie rangerte seg sjølve som høvesvis 9/10 og 9+, er modifieringsprosenten deira høgare enn hos alle gutane, men det er likevel ikkje mange prosentpoeng ned til Birk. Det er med andre ord eit interessant misforhold her mellom rapportert og registert språkbruk. Ein kan kanskje tolke dette som om jentene meiner dei snakkar breitt i forhold til andre jenter eller elevar i klassen, eller at jentene rett og slett snakkar "finare" enn dei trur.

Som me ser av tabellen i kap. 4.2.5, er det stor forskjell på dei språklege realiseringane blant gutane og jentene i undersøkinga. Det er viktig å presisere at forskjellane hadde vore mindre om affrikatvariabelen ikkje hadde vore inkludert i undersøkinga, sidan det berre var ein av gutane som realiserte dette språktrekket. Likevel er skilnaden mellom jentene og gutane så oppsiktsvekkande stor at eg ikkje kjem utanom å nemne han. Liknande funn er lagt fram i ein rekke studiar i tidleg sociolingvistikk, og trenden held fram også i nyare forskning (sjå t.d. Akselberg 1995, Chambers & Trudgill 1998 og Solheim 2006). Det er særleg ved bøyning av *a*-verb at jentene eg intervjuar skil seg ut. Medan to av gutane ikkje modifierer dette trekket i det heile, brukar Line over 40 % og Sofie nesten 80 % modifiererte variantar av denne variabelen. Jentene brukar generelt også færre tradisjonelle variantar på fleire grammatiske nivå. Line brukar til dømes adverbet /annørledes/ i staden for det tradisjonelle /ɑ̃sless/. Tre av fire jenter modifierer også talorda, og bruka variantar som /fjotn/ og /fæmtn/ i staden for /fjotå/ og /fæmtå/, medan alle gutane nytta tradisjonelle variantar. Basert berre på desse sju intervjua kan eg likevel ikkje hevde at jentene i Rindal generelt snakkar "finare" enn gutane. Sjølv om *alle* gutane som kvalifiserte til å bli med i studien, plasserte seg på den øvre delen av skalaen, og få av jentene gjorde det, kan eg likevel ikkje sjå bort frå at resultatet kunne ha vore annleis med andre informantar.

Det er særleg kvinner som har hatt posisjon som såkalla *språkmisjonærar*, men i min studie har ikkje jentene budd utafør kommunegrensene, og foreldra deira er samstundes fødd og oppvaksne i bygda. Det er også hevda at kvinner ofte brukar meir prestisjefylte variantar

som ligg høgare oppe i dialekthierarkiet enn kva menn gjer (jf. t.d. Milroy 1980). Skal ein tolke ungdommane sine utsegn, ligg den rindalske varieteten øvst i deira dialekthierarki. Oslomålet blir omtala som eit språk dei anten brukar når dei skal tulle eller vere formelle, og har i så måte ikkje høg status i informantgruppa. I og med at det ser ut til at rindalsmålet ligg øvst i hierarkiet både hos gutane og jentene, kan modifiseringa hos jentene truleg ikkje forklarast som medvitne endringar mot eit meir prestisjefullt talemål, då det ikkje gjev prestisje internt i informantgruppa (sjå kap. 5.3.2 om standard og prestisje for ei nærare drøfting av dette).

5. Rindal som språksamfunn – eit overblikk

A speech community comprises people who are in habitual contact with each other by means of language – either by a common language or by shared ways of interpreting linguistic behaviour where different languages are in use in an area.

(Swann et al. 2004:293)

Som tidlegare nemnt, er det vanskeleg å skilje mikro- og makroperspektiv frå kvarandre når ein skal forklare språklege mekanismar. Desse perspektiva vil nødvendigvis overlape og vere gjensidig avhengig av kvarandre. Eg har i førre kapittel vore inne på *kva* språktrekk som endrar seg, og eg vil vidare forsøkje å forklare *kvifor* språkbiletet er som det er i Rindal. Avslutningsvis vil eg diskutere kvar eg trur den språklege påverknaden kjem frå. I dette kapitlet vil eg såleis ta fokuset vekk frå einskildindividet og over til Rindal som språksamfunn. Eg vil fyrst forsøkje å kategorisere kva type språksamfunn Rindal er, for vidare å sjå på korleis dette har tyding for språkleg variasjon og språkleg stabilitet. Fokuset mitt vil vere retta *både* mot språkleg stabilitet og språkleg variasjon, då eg meiner at dialektutviklinga i Rindal har gått treigare enn kva det til dømes har gjort i nabokommunen Oppdal og kanskje hurtigare enn kva det har gjort i Tydal¹¹. Samstundes har eg inntrykk av at dialekten i Rindal har forandra seg snøggare dei seinare åra samanlikna med tidlegare. Det verkar til dømes å vere større forskjell mellom ungdomsgenerasjonen og foreldregenerasjonen i dag, enn kva det er mellom foreldre- og besteforeldregenerasjonen. Eg vil forsøkje å komme med ulike forklaringar på kvifor Rindal har vore ”seint utvikla”, og kvifor endringsfrekvensen kan sjå ut til å ha auka dei seinare åra. Datagrunnlaget vil, trass skiftande perspektiv, framleis vere basert på dei same innsamlingane og samtalane som tidlegare. Ein må likevel, som tidlegare nemnt, ta høgde for at eg ikkje fullstendig kan leggje til side bakgrunnskunnskap og tidlegare meir usystematiske observasjonar eg har gjort i dette språksamfunnet.

5.1 Eit lukka språksamfunn

Omgrepet *språksamfunn* har vorte nytta både i den tidlege, kvantitativt orienterte sosiolingvistikken (jf. t.d. Labov 1966), og seinare også i kvalitative studiar, (sjå til dømes Saville-Troike 2003 og Røyneland 2005). Medan dei tidlege definisjonane kan verke noko firkanta og overflatiske, har det i seinare tid vorte supplert med psykologiske dimensjonar til språksamfunnsomgrepet. Språksamfunnet vil i følgje Hudson (1996) vere ulikt definert

¹¹ Sjå Hårstad (2004) og Hilmo (2012) for eit nærare innblikk i språksituasjonen på høvesvis Oppdal og i Tydal.

avhengig av kven sitt synspunkt ein brukar. Hudson ser slik språksamfunnet innafrå, noko som står i kontrast til dei tidlege definisjonane, der perspektivet er teke utanfor sjøve språksamfunnet (jf. t.d Lyons 1970, Hymes 1972 og Sherzer 1975). Det er einskildindividua som står bak endringar i språket, men desse endringane kan seiast å vere forankra i *normene* som rår i det einskilde språksamfunnet. Eg skal seinare komme attende til kva som ser ut til å kjenneteikne dei språklege normene i ungdomsgruppa i Rindal.

Termene *ope* og *lukka* er meint å skildre konkrete dimensjonar i eit språksamfunn, som til dømes til- og fråflytting, og den kommunikasjonen språksamfunnet har med omverda. Eit ope språksamfunn blir gjerne kjenneteikna som språkleg heterogent, medan eit lukka språksamfunn ofte vil vere språkleg homogent, og lokalisert i periferien (jf. Andersen 1988). Røyneland (2005:88) har i sin studie karakterisert Røros og Tynset som *opne* språksamfunn med dialektar som tillet ein god del variasjon. Tynset er likevel tilsynelatande meir ope enn Røros, då dei har hatt ”ein annan endringsrate og ei anna endringshastigheit enn rørosdialekten.” Hilmo (2012:86) skriv at talemålsutviklinga i Tydal er prega av meir stabilitet enn kva situasjonen er på Røros. Han trekkjer fram at graden av isolasjon frå omverda vil spele ei avgjerande rolle i spørsmålet om kort fort nivelleringsprosessen går, ”og i mitt studieområde ser dette ut til å vere ein viktig ’bremsekloss’.”

Basert på mine funn vil eg karakterisere endringsraten i rindalsdialekten som temmeleg liten og med ein heilt annan snøggleik enn på Tynset, og delvis også på Røros og Oppdal. Alle desse stadane er større enn Rindal, og har hatt større grad av tilflytting enn kva det har vore i Rindal, som har vore prega av meir utflytting enn tilflytting i fleire år fram til det snudde i 2007 (Statistisk Sentralbyrå). Røros og Oppdal er også ynda turistmål, og er såleis ope for turistar både frå Noreg og andre delar av verda, samstundes som ein lett kan komme seg dit både via jarnbane og flyplass. Rindal synast, i likskap med Tydal, å vere meir lukka enn både Tynset, Røros og Oppdal. Medan desse stadane er prega av relativt stor inter-individuell språkvariasjon, verkar Rindal og Tydal meir språkleg lukka og homogent. Dialektane på Røros og Tynset tillet ein god del variasjon, medan informantane mine gjev uttrykk for at det finst *éin* fasit for kva som er den riktige måten å seie ting på i dei fleste høve. Fleire av informantane mine sa til dømes at dei snakka ”feil” på somme område, og at det *eigentleg* heiter /sçti:/ og ikkje /fi:/. Eg skal seinare komme attende til sanksjonering i høve med ”ukorrekt” dialektbruk. Liknande utsegn finn me også i Tydal. I følgje Hilmo (2012) forsøkte informantane hans å bruke variantar som ikkje likna på variantar frå den

”rivaliserande” nabobygda Selbu¹², og at dei i forsøket heller enda opp med å bruke former som i utgangspunktet ikkje var tradisjonelle for tydalsdialekten. Sjølv om informantane mine stort sett slo ned på ”knot” og ”forfining” av dialekten, hadde dei fleire døme på engelske lånord som frekventerte i registeret, utan at dei framstilte det som noko negativt. Eg vil diskutere dette vidare i kap. 5.2.1 om urbanisering og modernitet.

Ein kan bruke den sosiale nettverksteorien for å betre forstå mekanismane i Rindal som språksamfunn. Dette er ein av dei mest bruka teoriane i sosiolingvistiske studiar for å forklare språkleg variasjon og endring. Lesley Milroy (1980) studerte talemål i sosiale nettverk i tre arbeidarklassestrøk i Belfast. Kort sagt kartla ho det sosiale nettverket og korrelerte det med fonologiske variablar. I studien nytta ho to ulike nettverksstrukturar – nettverk med stor tettheit og nettverk med liten tettheit. Eit nettverk med stor tettheit er eit såkalla ”alle kjenner alle-fellesskap”, der det er sosiale, forbindande liner mellom alle i nettverket. Ein kan ha fleire roller i eitt og same nettverk, og kan til dømes opptre både som kollega og privatperson på ulike arenaer. Såleis oppstår såkalla *multiplekse kontaktrelasjonar*, som er typisk i nett rurale samfunn som Rindal. Fleire av informantane hadde til dømes hatt foreldre som idrettsleiarar og trenarar. I eit nettverk med liten tettheit er det derimot berre éin person som knyter saman alle dei andre i nettverket (jf. t.d. Mæhlum 2003). Milroy viser i sin studie at dei små, tette og multiplekse nettverka fungerer som ”sosiale korrigerings- og kontrollinstansar” (Røyneland 2005:123). Det vil seie at i desse nettverka er det enklare å konservere tradisjonelle talemål enn kva det er i opne, uniplekse nettverk, då det er lettare å stå i mot sosialt press frå meir standardnære talemål. Mæhlum (2003:118) kallar slike nettverk for eit *identifikasjonsfellesskap*. Når individa i gruppa identifiserer seg med kvarandre, vil nettverket ha ein viktig funksjon som normstadsfestande mekanisme. Vidare skriv Mæhlum (*ibid.*) at det normalt ikkje vil vere den same styrken på desse sosiale og psykologiske mekanismane i dei opne og uniplekse nettverka, noko som ofte fører til ein større variasjon i åtferda både inter- og intra-individuelt.

Det er tydeleg at det eksisterer eit sterkt identifikasjonsfellesskap blant ungdommane i Rindal. Som eg skal komme attende til, identifiserer ikkje informantane seg eintydig med éin region, men med staden og bygda Rindal. Det verkar som om identifikasjonsfellesskapet i denne gruppa handlar om å vere nett rindaling og å snakke dialekten som høyrer til staden. Denne kollektive identiteten kan vere ei av forklaringane på kvifor dialekten har halde seg så

¹² Dette fenomenet blir kalla ”naboopposisjon”, og kan i utgangspunktet vere ein konserverande faktor for språktrekk, sær i rurale strøk. Mine informantar var derimot ikkje opposisjonelle mot nabobygdene i same grad som i Tydal. Sjå Hilmo (2012) eller (Taeldeman 2010) for ei nærare utdjuing om polarisering og naboopposisjon.

stabil som han har gjort til no. Fleire av informantane mine uttrykte irritasjon over medelevar som ikkje snakkar ”ordentleg dialekt”, og som opererte med det dei omtala som *trondheimsformer*. Eg veit ikkje kven desse elevane er eller kva sosial status dei har i klassen, og kan difor ikkje analysere dette vidare. Informanten Line kunne derimot fortelje at ei av klassevenninnene var så oppgjeve over at ho heile tida sa /vi/ i staden for /åss/ i subjektsposisjon, at ho spurte om ho fekk klype Line i arma kvar gong ho sa ”feil”. Dette var visstnok venskapeleg meint, men venninna ga etter kvart opp, i og med at det ikkje ”beta seg”. Line sa aldri /vi/ under intervjuet, så ho hadde tydelegvis ”teke seg saman” når ho visste at eg skulle intervjuer ho om blant anna rindalsdialekten. Basert på desse utsegna er det likevel tydeleg at desse små, tette nettverka kan fungere som det Røyneland (*ibid.*) kallar sosiale korrigerings- og kontrollinstansar for å halde på det tradisjonelle talemålet. Gruppedynamikken er tydeleg styrt av sosiale normer, der det finst ein ”fasit” kring språkleg åtferd for å vere ein fullverdig medlem av gruppefelleskapet, noko som tyder på at dette er eit lukka språksamfunn. Trass dette fekk eg på ingen måte inntrykk av at ungdommane heldt einskildindivid utanfor om dei ikkje snakka like breitt som majoriteten. Det var særst interessant å sjå kor ivrig den eine klassen vart etter at dei var ferdige med spørjeundersøkinga. Elevane byrja å diskutere ulike særtrekk ved dialekten, og var opptekne av ord og språktrekk som hadde endra seg frå besteforeldregenerasjonen til no. Dialekten er tydelegvis noko som engasjerer heile gruppa, og som *alle* har eit forhold til og kan diskutere, sjølv om ikkje alle har budd i Rindal like lengje eller snakkar rindalsdialekt i det heile.

5.2 Den ’nye’ rindalsdialekten

Not all variability and heterogeneity in language structure involves change; but all change involves variability and heterogeneity.

(Weinreich, Labov & Herzog 1968:188)

Sjølv om eg vil hevde at dialekten i Rindal hovudsakleg held seg relativt stabil, endrar naturlegvis somme trekk seg også her. Eg har i kapittel 4 sett på kva språktrekk som varierer og kva språktrekk som ser ut til å halde seg meir stabile hos informantutvalet mitt. Under intervjuer med informantane kunne eg avdekkje både inter- og intra-individuell variasjon. Både variasjonsformene er heilt vanlege i eit språksamfunn. Som eg har vore inne på, er det tydeleg at affrikaten /sçt/ er på god veg til å bli erstatta av den postalveolare frikativten /ʃ/, medan janningsformene i infinitiv, /vårrå/ (være), /jærræ/ (gjøre) og /svårrå/ (svare) ser ut til å halde

seg relativt stabile. Ein må ta høgde for at variasjon ikkje nødvendigvis fører til endring, då språkleg variasjon kan vere relativt stabil over tid. Likevel er det ofte slik at nyare variantar erstattar eldre variantar, slik at dei etter ein viss periode går ut av bruk (jf. Mæhlum og Røyneland 2012). I det føregåande argumenterte eg for å karakterisere Rindal som eit lukka språksamfunn. Det ser ut til at språklege innovasjonar hovudsakleg kjem frå utsida av dette samfunnet, og eg skal vidare i dette underkapittelet forsøkje å identifisere konkrete forhold som kan forklare desse språklege innovasjonane. Som tidlegare nemnt vil eg også fokusere på språkleg stabilitet. Medan eg har vore inne på at eit sterkt identifikasjonsfellesskap kan verke stabiliserande på dialekten, vil eg avslutningsvis i dette delkapittelet diskutere fråflytting som ein potensiell stabiliserande faktor på rindalsdialekten.

5.2.1 Urbanisering og modernitet

I sosiolingvistisk forskning er det nærast ei kjensgjerning at språkutviklinga kan speglast i samfunnsutviklinga. Urbanisering, modernisering og globalisering er alle termar som blir nytta for å forklare desse prosessane. Det er likevel noko meir diffust kva desse prosessane inneber i praksis. I prosjektskildringa til TEIN, Talemålsendring i Noreg (1996) er auka mobilitet, endra busetjingsmønster, utvikling av kommunikasjonsnett, massemedieeksplosjon, deltaking i det internasjonale språksamfunnet, høgare utdanningsnivå, endra sosialgruppemønster og språkleg klima lista opp som potensielle bidragsytarar til fenomenet *urbanisering*.

Sjølv om den overordna tydinga av *urban* har med ”byer og bykultur å gjøre” (ordnett.no), er det viktig å poengtere at urbaniseringsprosessen ikkje berre går føre seg på eit demografisk eller eit geografisk nivå. Ein må i følge Hompland (1984:15) tilføre ein kulturell dimensjon til den strukturelle urbaniseringa. Denne *mentale urbaniseringa* går føre seg i ei meir abstrakt form, der ein viss livsstil kan ekspandere uavhengig av den fysiske urbaniseringa. Ordføraren i Rindal vart for nokre år attende omtala som *urban* av lokalavisa, då han tinga ein ”kaffe latte” ved museumskafeen i bygda. Kaféverksemd og ”latte” vart med andre ord assosiert med storbyliv av journalisten, men er no ein naturleg del for mange i dette vesle lokalsamfunnet. Aktivitetar og haldningar som i utgangspunktet har vorte kategorisert som urbane, kan no finnast like naturleg i meir rurale strøk. Lokalsamfunna har dei siste tiåra vorte stadig sterkare veva inn i storsamfunnet sitt sosiokulturelle, økonomiske og administrative fellesskap (Mæhlum 2007). Grensene mellom det lokale og det overløkele blir såleis meir diffuse. Denne urbaniseringsprosessen fører til at samfunnet utviklar seg til å bli meir homogent, der lokale og regionale særtrekk blir jamna ut (sjå kap. 5.3.1. og 5.3.2 om

høvesvis regionalisering og standardisering). Såleis er det i følgje Hårstad (2004:44) ikkje naudsynt at innbyggjarar i rurale strøk har sitt eige lokalsamfunn som den primære referanseramma. Dei kan like gjerne identifisere seg med ein overlokal fellesskap, der det er like tenkjeleg at dei vil sjå handlingane sine i eit nasjonalt, internasjonalt eller globalt perspektiv.

Sjekkeland (2009) opererer med to ulike personlegdomstypar i sin studie om tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling i Kvinesdal. Det same gjer Hårstad (2004) og (2010) i sine studiar av ungdom på høvesvis Oppdal og i Trondheim. *Homo staticus*, har i følgje Hårstad (2004:59) sterk tilknytning til heimstaden og ser for seg ei framtid her. *Homo dynamicus* er derimot meir mobil og har ambisjonar om å reise frå heimstaden og ”å komme seg ut i verda.” *Homo staticus*-typen brukar i større grad tradisjonelle former av dialekten, noko som speglar dei heimlege verdiane til denne typen. Motpolen, *homo dynamicus*, tenderer heller mot å modifisere dialekten. Det er sjølv sagt ikkje uproblematisk å plassere alle på éin stad under to så idealiserte og stereotypiske kategoriar. Det er få av mine informantar eg utan vanskar kan plassere i éin av dei, då dei fleste fell i eit slags mellomsgjikt. Dei er glade i både dialekt og stad, men kan både sjå føre seg å reise og studere, for seinare å komme attende og slå seg ned i same bygd som dei har vakse opp i. Grunna den mentale urbaniseringa er ein i større grad friare til å velje og å konstruere sin eigen identitet, og ein finn kanskje færre av typen *homo staticus* no i vår globaliserte tidsalder enn kva ein gjorde før. Mæhlum (2007:63) skriv at den sosiale valfridomen i dag er langt større enn før, og at me ikkje i same grad er bundne av lojalitet til og forpliktingar overfor bestemte ”medfødde” sosiale fellesskap. Eg vil ikkje kategorisere informantane mine verken som spesifikt moderne eller tradisjonelle, då den mentale urbaniseringa har tilført Rindal moderne element, samstundes som dei held på tradisjonelle verdiar. Ungdommane i Rindal får, som i resten av verda, dagleg urbane impulsar frå omverda gjennom sosiale medium som Facebook, Instagram, Youtube, Twitter og andre mediekkanalar.

Omgrepsparet *modernitet* og *tradisjon* kan nyttast til å skissere motsetjinga mellom urbanitet og ruralitet. Mæhlum (2007:64) brukar tradisjon–modernitetsdimensjonen til å kunne forklare språk og språkutvikling, med særleg fokus på aspekta som kan gje ei nærare forståing av motsetjinga mellom dialekt og standardtalemål (sjå kap. 5.3.2). I samband med dette skriv Mæhlum (*ibid.*) at det vil vere sentralt å fokusere på dei karaktertrekka ved tradisjonsomgrepet som viser til ein nedarva, overlevert og lokalt forankra praksis, og vidare korleis desse sosiale praksisformene blir knytt til ein *stad*. Motsett representerer modernitetsomgrepet brotet med det fortidige og dei meir eller mindre ureflekterte

forplikningane overfor tradisjon. Om me overfører dei sentrale semiotiske verdiane som ligg i dialekt- og standardomgrepet, signaliserer ein dialekt i følge Mæhlum (op.cit.:64-65) i utgangspunktet tilknytning til ein særskild geografisk definert fellesskap, der bruk av denne dialekten kan konnotere tilhøyrse til ein avgrensa, lokal og *tradisjonell* sosiokulturell kontekst. Eg har til dømes fleire gongar opplevd å få spørsmål og kommentarar om ”idretts- og skibygd Rindal” (jf. kap. 2.2) når folk høyrer kor eg er frå. På den andre sida finn me standardtalemålet som kan knytast opp til noko overregionalt og geografisk uspesifisert og kan såleis tolkast som ei frikopling frå særskilde lokale og tradisjonelle kontekstar. På grunn av denne *deterritorialiseringa* vil eit standardtalemål kunne oppfattast som ein berar av *moderne verdier*.

Informanten Markus er i det heile ganske negativ til standardtalemålet, og er særskilt oppteken av å snakke tradisjonell dialekt, men seier at han ikkje har noko problem med å innlemme engelske lånord i vokabularet. Det er særleg i medieverda og når ungdommane spelar dataspel at dei brukar det engelske skriftspråket, og det hender at dei krydrar språket med engelske lånord når dei snakkar seg i mellom, fortel han. Markus bruka ikkje engelske lånord då han vart intervjuet av meg, så det er tydeleg at dette er ein kode for ei gruppe ungdommar, som eg ikkje er innlemma i. Han kvitte seg for å komme med mange døme, men det engelske ordet ”random”, som tyder tilfeldig, var eit av dei mest bruka lånorda akkurat no. Det er interessant korleis Markus tykkjer det er greitt med adaptasjon av former frå det høgst globaliserte engelske språket, medan han devaluerer både det austlandske talemålet og medelevar som ikkje snakkar tradisjonell dialekt. Dette kan kanskje komme av at det engelske språket nærast er i ein annan dimensjon, og ikkje representerer eit nærliggande, konkurrerende lokalsamfunn. Mæhlum (op.cit.:62) skriv at det lokale ofte inngår som ein del i *nye* kulturuttrykk, i nye syntesar, der overlokale element også representerer viktige komponentar. Termen ”glokalisering” blir ofte nytta for å uttrykkje denne dobbeltheita, men då spesifisert til spenninga mellom det lokale på éi side og det globale på den andre (*ibid.*). Markus er såleis eit slående døme på kor ”glokaliserte” me kan vere.

5.2.2 Fråflytting som stabiliserande faktorar

Dialektane i Noreg, og også i resten av Europa, følgjer i varierende grad den same tendensen: særskilde lokale språktrekk blir erstatta av meir regionale og nasjonale variantar (sjå t.d. Auer, Hinskens og Kerswill 2005 eller Hinskens 2006 for ei nærare utdjuving). Medan det i sociolingvistiske studiar helst har vore vanleg å tematisere språkleg endring og variasjon, vil eg i dette underkapittelet rette lupa mot språkleg stabilitet. Sjølv om Rindal, som andre

språksamfunn, er prega av språkleg variasjon, vil eg argumentere for at denne utviklinga ikkje har gått like raskt her som i visse andre språksamfunn. Der variablane er samanliknbare, som til dømes nektingsadverbet /icc/, lågning¹³ og jamning, held dei tradisjonelle variantane seg meir stabile i Rindal, enn kva dei gjer på Oppdal og Rørøs (jf. kap. 4). Eg har allereie vore inne på at eit sterkt identifikasjonsfellesskap i eit lukka språksamfunn kan verke konserverande på dialekten, og eg vil vidare gå inn på om fråflytting kan ha den same effekten.

Rindal har, som tidlegare nemnt, vore prega av fråflytting, men har sidan 2007 hatt høgare tilflyttingsrate enn fråflytting (Statistisk Sentralbyrå). Tilflytting har i fleire sosiolingvistiske studiar vorte peika på som ein viktig faktor for at den lokale varieteten endrar seg. Dette er særleg tilfellet i industrisamfunn, der det har vore ei omfattande folketilvekst grunna arbeidsplassar. Odda, Tyssedal og Høyanger er døme på dette (sjå t.d. Solheim 2006). I og med at graden av *utflytting* jamt over har vore større enn graden av innflytting i Rindal, vil eg heller nytte dette som argument for at dialekten har heldt seg meir stabil enn til dømes på Sunndalsøra og dei andre nemnte industristadane. Mellom 1951 og 2012 har det årleg flytta mellom 19 til 136 personar til Rindal, og sjølv om det ikkje er høge tal, kan eg ikkje utelukke at dette kan ha hatt ein viss innverknad på språkutviklinga i bygda. Det har til dømes vore ein god del tilflyttande lærarar, både frå vestover i fylket, frå Sør-Trøndelag og frå Austlandet. Informanten Birk trur likevel ikkje at lærarane hans har stor påverknad på språket blant ungdommane. Lærarane har kanskje ikkje høg status i ungdommane sine auge, og dei er heller ikkje personar dei identifiserer seg sjølve med. Såleis trur eg kanskje Birk kan ha rett på nett dette området. Det er ålment kjent at born har enklare for å lære nye språk og også leggje om dialekten om dei flyttar medan dei er små (jf. t.d. Saville-Troike 2012). Desse språkbrukarane trur eg har enklare for å tilpasse seg, automatisere og ta inn nye former i språket sitt enn kva ungdommane har. Ein kollega av meg ved Rindal skule uttrykte for nokre år attende at ”aillj føstklassenganj tæl nå på surndaleng.” Eg trur såleis at det er større sjanse for at dialektnivelleringsprosessen byrjar tidleg i småskulen, og at ungdommane i så fall har teke med seg desse nivellerte formene vidare. Informanten Sofie var til dømes medviten om at ho snakka ”finare” enn dei fleste andre på hennar alder, men hevda at ho ikkje visste kvifor, og meinte at det alltid hadde vore slik.

¹³ Variabelen ”lågning” er berre samanliknbar med Oppdal

5.3 Kvar kjem påverknaden frå?

Hanj far og ho mor lægg om mot trøndersk i telefon.

(Olav)

Majoriteten av informantane mine peikar på den trønderske regionen når dei svarar på kor dei trur at den språklege påverknaden kjem frå. Nabokommunen Surnadal blir også nemnt: Fleire informantar er oppgjevne over medelevar med tilknytning til Surnadal, som ”knotar” ved å bruke pronomenet *vi* i staden for *oss* i subjektsposisjon, sjølv om dei har budd i Rindal heile livet. Eg skal i dette underkapittelet diskutere kva for varietetar og dialektområde som ser ut til å ha størst påverknadskraft på rindalsmålet, og kva mekanismar som kan verke inn under desse språkendringsprosessane.

5.3.1 Nivellering og regionalisering

Like lite som språket evner å forandre seg for egen maskin, kan regioner oppstå og forsvinne etter eget forgodtbefinnende. Alle slike transformasjoner er menneskeskapt, og de har sin bakgrunn i intensjonelle handlinger.

(Stian Hårstad 2004:171)

I dialekt- og språkkontaktsituasjonar blir språkdrag som er geografisk avgrensa, ofte erstatta av meir standardnære og utbreidde variantar. Denne tendensen er rådande i talemålsutviklinga, og blir kalla *nivellering* (jf. t.d. Kerswill og Williams 2000). Regionalisering som prosess refererer til reduksjon av variasjon mellom ulike lokale eller regionale dialektar. Det vil seie at nivelleringa primært finn stad langs den horisontale og semi-vertikale aksen. Språktrekk som blir oppfatta som meir avstikkande enn andre, kan med andre ord bli erstatta av meir utbreidde, regionale eller nasjonale variantar. Regionalisering og standardisering kan såleis seiast å vere nært relaterte. Hovudskilnaden er i følge Røyneland (2005:50) at ”ein standardiseringsprosess er med på å skape einskap innerter og forskjell utetter, dvs. markere skilje mellom oss nordmenn og dei andre. Regionalisering, derimot, markerer eit skilje innerter mellom nordmenn.” Medan standardiseringsprosessen har god stønad i nasjonale verdiar ved å ville skape sosial og kulturell einskap innom landegrensene, framhevar ein regionaliseringsprosess *regionen* som kulturell eining.

Ein nivelleringsprosess fører til språkleg homogenisering, noko som gjer det vanskelegare å avgjere geografisk tilhøyrslse til ein dialekt basert på særskilde eller saliente språktrekk. I rindalsmålet seier ein tradisjonelt /æss/ i subjektsposisjon i staden for /vi/, noko

som kan verke som eit særst avstikkande trekk for dei som ikkje er vande med å høyre det. Fleire har gjetta at eg kjem frå Oppdal nett på grunn av dette trekket, då også oppdalingane tradisjonelt nyttar denne forma av pronomenet. Som eg har nemnt tidlegare, seier fleire på ungdomstrinnet i Rindal /vi/ i staden for /åss/, og eg veit om jamaldringar som har bytt ut denne varianten etter at dei flytta for å studere. Sidan språktrekket /åss/ i subjeksposisjon høyrer til eit avgrensa geografisk område¹⁴, blir det vanskelegare å heimfeste dialekten til akkurat Rindal om dette saman med fleire språktrekk skulle forsvinne. Både i spørjeundersøkinga mi og under intervjuet blir det nemnt at medelevar brukar trondheims- og surnadalsformer. /Vi/ blir bruka over store delar av landet, og ein kan umogleg avgjere om dette språktrekket har kome vest-, aust- eller nordfrå. Sidan det både er ein regional og ein nasjonal variant, kan ein bruke nett dette som argument for at /åss/ blir bytt ut.

Informantane mine sleit også med å avgjere kor påverknaden kom frå. Dei fleste meinte likevel at rindalingar vart påverka av bymålet i Trondheim, og at dei helst la om til trønderdialekt om dei fyrst skulle leggje om. Talemålet i og kring Oslo vart også nemnt, og eit mindretal av informantane nemnte surnadalsmålet som potensiell kjelde til påverknad. Dette samsvarar med responsen på om dei ville karakterisere rindalsdialekten som ein typisk møredialekt eller ein typisk trønderdialekt (jf. spørsmål 9 i spørjeskjema, vedlegg 1): Det er ei lita overvekt i favør av trønderdialekten, men det er også mange som legg vekt på at dei tykkjer at det er ein blanding. Ein informant svarar: ”E tykkje ætt rindalsdialækta e en super kombinasjon milljå møredialækt å trønderdialækt”, ein annan svarar: ”Jeg synes ikke det er noen av disse delene, fordi jeg mener at Rindaling er spesielt. Må jeg velge vil jeg si trøndelagsdialekt.” Det er også delte meiningar om i kva grad informantane mine kjenner seg mest som trønderar eller møringar (jf. spørsmål 8). Majoriteten av ungdommane ser ikkje ut til å ha tenkt over dette i det heile, noko som dei også presiserer på svararket: ”jeg vet ikke helt” og ”aner ikke”. Dei som oppgjev at dei kjenner seg mest som trønderar, grunngjev dette med tilknytning til Trøndelag via idrettskretsar, fotballaget Rosenborg og at dei heller reiser til Trondheim enn til byane på Møre. Dei som vel Møre, nemner slektsrelasjonar, og at Rindal trass alt ligg geografisk plassert i Møre og Romsdal fylke.

Basert på denne responsen ser det ikkje ut til at mine informantar identifiserer seg eintydig med éin større region – dei er fyrst og fremst rindalingar. Det er uansett vanskeleg å avgjere om ungdommane sine ambivalente haldningar til regionen har påverknad på språket deira.

¹⁴ Det meste av Gudbrandsdalen og eit tilgrensa område nord for Dovre og vestover heilt til Sunnmørskysten har forma *oss/øss* både som subjeks- og objektsform (Skjekkeland 2005).

5.3.2 Standard og prestisje

Forestillingen om "det beste språket" lever altså også blant norske språkbrukere, og det er gode grunner til å anta at de aller fleste av oss har internalisert et talemålshierarki der én varietet troner øverst som særlig prestisjefull, autoritativ og "normal".

(Stian Hårstad 2004:331)

Dialækta e nå fin ho, minnj ho e kanskje itj son fin da, på æn måte, minnj. [...] Minnj det e nå, det e itj akkurat son fin son så dæm snakka e Oslo.

(Olav)

Det har lengje gått føre seg ein diskusjon om vi har eit overregionalt, standardisert talemål i Noreg, og om kor stor påverknad denne varietetten har på talemåla i resten av landet. Jahr og Mæhlum (2009a:3) skriv at dei ulike frontane her har vore høvesvise skarpe. Eg vil ikkje gå denne diskusjonen nærare i saumane, sjå heller temanummeret om standardtalemål i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* (Jahr og Mæhlum 2009b) for ei meir omfattande utgreiing. Ein treng likevel ikkje leite på eit høgt akademisk nivå for å finne ei oppfatning om at eksistensen av nettopp eit slikt talemål er gjeldande, og at dette talemålet er synonymt med målet som hovudsakleg blir nytta i og kring hovudstaden (jf. sitat av Olav ovanfor).

Eg tek utgangspunkt i at det *finst* eit standardtalemål i Noreg når eg vidare skal diskutere dei språklege haldningane til informantane mine. Me har i kapittel 4.3 sett at informantane sine haldningar til bygda er gjennomgåande positive, og at dei rangerer sin dialekt som den mest prestisjefulle varietetten seg i mellom. Dette harmonerer med det Røyneland (2005:92) kallar "*den dominerande norske dialektideologien*, som fortel oss at dialekt er ein positiv verdi som ein lyt ta vare på" (mi utheving). Dei fleste av informantane har ikkje noko til overs for rindalingar som legg vekk dialekten i kontakt med andre varietetar, og meiner at dei iallfall kan "leggje attende", altså gå tilbake til meir tradisjonell dialekt, når dei kjem heim til bygda att. Berre Birk meiner at det i somme høve er naudsynt å konvergere dialekten mot samtalepartnarane for å kunne halde kommunikasjonen ved like.

Basert på heller usystematiske observasjonar og samtalar har eg erfart at ambisjonane om å halde på dialekten som oftast utgår etter å ha flytta frå bygda. Majoriteten av mine kameratar og venninner frå bygda som har flytta for å ta høgare utdanning, har lagt vekk særskilde saliente trekk ved dialekten, og det er tidvis umogleg å høyre at dei eigentleg kjem frå Rindal. Fleire hevdar at dei gjekk lei av å bli erta og gå kring med det dei kallar eit "konstant ekko" av det ein sa, og ga difor tidleg opp dialekten sin. Eg vil presisere at dei eg

har snakka med som har kjent det største presset, ikkje har studert i den midt-norske regionen, men i større byar på andre kantar av landet, som Oslo og Bergen.

Hårstad (2004:324) skriv at språknormene våre har lang tradisjon for å vere romslege og at dei er prega av stor grad av valfridom. Dei "[...] konstituerer like fullt en forståelsesramme der det er klare grenser for hva som er akseptabelt, og hva som ikke er det, og de er dermed med på å hierarkisere ulike varieteter av norsk." Ein kan trygt seie at rindalsdialekten i desse høva har hamna nokså langt nede i dette hierarkiet, noko som vidare har ført til nivellering i kontaktsituasjonar med varietetar som ligg høgare oppe i hierarkiet.

Som eg har vore inne på, synast dette hierarkiet å vere snudd på hovudet hos informantane mine når dei er inne på eige territorium. "Bokmål" i munnlege høve blir i følge informantane mine berre nytta som tulespråk. Ein må i følge Schiffmann (2002:98) anta at det finst *alternative språklege marknadsplassar*. Sjølv om rindalsdialekten og andre periferer dialektar ålment er tillagde låg prestisje på den *dominerande marknaden*, står han høgare i kurs på ein alternativ og lokal marknad. Hårstad (2010:244) nyttar Labov (1972) sitt omgrep "covert prestige", altså skjult prestisje, for å forklare korleis det multietnolektiske undergrunnsspråket i Trondheim har høg prestisje blant medlemmane i denne subkulturen, medan det meir ålment i same by blir sett ned på av jamaldringar. Eg vil langt i frå kalle Rindal ein særskild subkultur, men heller overføre omgrepet "covert prestige" til å gjelde i Rindal som språksamfunn. Medan det er prestisje å snakke dialekt på den språklege marknaden internt i Rindal, missar varietetten sin verdi på den ålmenne og dominerande marknaden, kor eit standardisert, austlandsk talemål regjerer på toppen.

Nesten alle dei 60 informantane i spørjeundersøkinga mi er samde om kor dei trur den språklege påverknaden kjem frå og kva mål ein rindaling helst konvergerer mot: Det er Trondheim by som er svaret. Nabokommunen Meldal er ikkje nemnd med eit ord, og berre nokre få nemner nabokommunen Surnadal. Sjølv om informantane mine ikkje sjølv trur at språkleg påverknad kjem frå nabokommunane, vil eg sjølv sagt ikkje utelukke verken Meldal eller Surnadal som kjelder til påverknad. Ut frå tabellen under, ser påverknaden likevel ut til å komme austfrå, meir enn vestfrå.

Mange av dei modifiserte variantane som informantane brukar, samsvarar både med standardnære former og med variantar frå ein trondheimsnær varietet (jf. tabell under). Når informantane tel /fjoʈn/ og /fæmtn/, i staden for /fjoʈå/ og /fæmtå/, er det umogleg å seie om påverknaden kjem frå det sentrale Austlandet eller frå Trøndelag, sidan desse formene er

isomorfe¹⁵. Likevel finn eg ikkje døme på modifisering mot standardformer av variantar som ikkje òg er i bruk i ein trondheimsnær varietet. Eg finn derimot døme på modifisering mot trondheimsmålet i variantane *palatal av velar* og *preposisjonen åt*, som ikkje samsvarar med dei austlandske standardformene. Til dømes blir /beççij/ i det moderne rindalsmålet modifisert til /bækkanj/, der palatalisering av velaren forsvinn, samstundes som ei trønderisk bøyingsform blir adoptert.

Tabell 4.

Variabel	Trad. rindalsmål	Modifisert rindalsmål	Standardisert talemål	Trondheimsmål	Trad. surnadalsmål
Palatal av velar	Bekkjinj /beççij/	Bækkanj	Bekkene	Bækkan/bækkanj	Bekkjinj /beççij/
Palatal av velar	Å tenkj /å tenç/	Å tænk	Å tenke	Å tænk	Å tenkje/å tençø/
Talord	Fjortå /fjoʔå/	<u>Fjortn</u>	<u>Fjortn</u>	<u>Fjortn</u>	Fjortå
Talord	Sykkjá /syçå/	<u>Søtt</u> n	<u>Søtt</u> n	<u>Søtt</u> n	Sykkjá /syçå/
Jamning i inf.	Svårrå	<u>Svar</u>	<u>Svar</u>	<u>Svar</u>	Svarra
Affrikat	Ski /sçti:/	<u>Ski</u> /fi:/	<u>Ski</u> /fi:/	<u>Ski</u> /fi:/	Ski /sçti:/
Lågning	Sekker	<u>Sikker</u>	<u>Sikker</u>	<u>Sikker</u>	Sekker
A-verb i pres.	Hoppa	<u>Hoppe</u>	<u>Hopper</u>	<u>Hoppe</u>	Hoppa
Preposisjon	Åt	Te	Til	Te	Åt
Preposisjon	Poinnji /poŋni/ Ponnj/poŋŋ	<u>Oinjder</u> / <u>opnder</u>	<u>Under</u>	<u>Unjer</u> / <u>unper</u> /	Poinnji /poŋni/ Ponnj/poŋŋ
Preposisjon	Na/ta	<u>Denj</u> / <u>depp</u> /	<u>Den</u>	<u>Denj</u> / <u>depp</u> /	Na/Ta
Leksikon	Skamle//sçtiçlø/	<u>Flaut</u>	<u>Flaut</u>	<u>Flaut</u>	Skamle
Nektingsadverb	Itj /icc/	<u>Ikke</u> ¹⁶	<u>Ikke</u>	<u>Itj/ikke</u>	Ikkje

Eg vil med denne tabellen forsøkje å vise ein tendens til at formene som informantane mine modifiserer til, finst i trondheimsmålet, samstundes som dei fleste av desse også er i bruk i eit standardisert austlandsk talemål. Det er ut frå min høvesvis snevre empiri umogleg å fastslå konkret kor desse strukturelle og leksikalske endringane i rindalsmålet kjem frå. Eit monaleg metodologisk problem for dialektgranskarar er i følge Hårstad (2010:333) at novasjonar i eit talemål ofte kan vere samanfallande med trekk frå fleire varietetar på same tid. Dette kallar han eit “isomorfsk crux”, som tyder at det er vanskeleg å basere seg på strukturelle funn

¹⁵ Sjå understreking i tabell der formene er isomorfe

¹⁶ Berre ein av dei sju informantane eg intervjuar bruka varianten ”ikke”, eg vel likevel å innlemme han i skjemaet, då eg tidlegare har observert bruk av ”ikke” i fleire høve. Basert på desse observasjonane kan ein likevel langt frå sikkert hevde at dette er ein variant som kjem til å få innpass på lang sikt.

åleine når ein skal gje eit klårt svar på om utviklingstendensen er horisontal eller vertikal – eller begge delar. Det blir såleis opp til kvar einskild forskar å tolke innsamla datamateriell. Ut frå empirien min, kan det sjå ut som om dei variablane som er like eller nesten like både i trondheimsmålet og i standardtalemålet, har enklare for å feste seg også i rindalsmålet. Ta til dømes *a*-verb, som blir bøygde med *-e* i presens både på Austlandet og i Trøndelag, og affrikaten /sçʰi/ som blir uttalt som /ʃ/ i nesten heile resten av landet. Ein kan tolke dette som konvergens både mot trondheimsmålet, og mot ein overregional standardvarietet. Sjølv om det finst unntak i til dømes *palatal av velar* (jf. tabell), er tendensen likevel overveldande.

6. Avrunding

Siktemålet i denne studien har ikkje vore å finne ein konkret og heilt spesifikk konklusjon, men heller å avdekkje tendensar og gjere greie for den språklege røynda til ungdommar i Rindal i dag. Eg har lagt vekt på informantane sine subjektive erfaringar og haldningar, samstundes som eg deskriptivt har kartlagt ulike språklege realiseringar. Sjølv om eg ikkje vil gje frå meg noko eintydig fasitsvar basert på undersøkingane mine, vil eg vidare leggje fram somme funn og hovudtrekk frå analysen, som eg tykkjer er viktige for studien.

Basert på dei sju informantintervjua ser språktrekka *apokope*, *cirkumfleks*, *monoftongering av diftongar*, *jamning*, *nektingsadverbet /icc/* og *pronomenet /åss/* i både *subjekts-* og *objektsposisjon* ut til å halde seg stabile. I kategoriane *talord*, *a-verb i presens*, *lågning av vokalen /e/*, og *dei påpeikande pronomena /na/, /ta/ og /sa/* finn eg derimot døme både på inter- og intra-individuell variasjon. Rindalsmålet har også fått *nye adverb* som */tebakə/, /annærledes/, og /ijæn/*, og *preposisjonane /ujnør/ og /te/* (til) erstattar delvis dei tradisjonelle variantane */pojnɪ/ og /åt/*. *Dativ*, *affrikaten /sçv/* og *palatalisering* av dei *velare plosivane -g og -k i innljod og utljod* er språktrekk ein med stor tryggleik kan hevde at er i ferd med å forsvinne frå eit moderne rindalsmål.

Eg har definert Rindal som eit lukka språksamfunn, noko som blant anna tyder at det i stor grad er prega av språkleg homogenitet. Samanlikna med Røros, Tynset og Oppdal verkar endringsraten i rindalsdialekten å vere både mindre og å gå i ein heilt annan snøggleik enn i desse samfunna. Rindal kan på mange måtar samanliknast med Tydal, då også Hilmo (2012) kunne dokumentere relativt stor grad av språkleg stabilitet i dette språksamfunnet. Eg har forsøkt å forklare språkleg stabilitet i ljøs av eit sterkt og solidarisk identifikasjonsfelleskap blant ungdommane i Rindal, der nett bygda og dialekten er viktige faktorar i dette fellesskapet. Samstundes trur eg det faktum at bygda lengje har vore prega av større grad av fråflytting enn tilflytting, har vore med på å konservere dialekten.

Sjølv om somme trekk ser ut til å halde seg stabile i forhold til blant anna på Røros og Oppdal, har eg vore inne på fleire variablar som ser ut til å vere i endring, og også nokre få språktrekk som ser ut til å forsvinne frå den rindalske varieteteten. Eg har trekt fram fenomena modernitet og urbanisering som forklaringsfaktorar for at dialekten i Rindal ser ut til å ha endra seg hurtigare dei seinare åra samanlikna med tidlegare. Eg har her bruka Hompland (1984) for å forklare at ein urbaniseringsprosess ikkje nødvendigvis går føre seg på eit geografisk eller demografisk nivå, men at ein må tilføre ein kulturell dimensjon til den strukturelle urbaniseringa. Gjennom ein *mental urbanisering*, kan ein viss livsstil ekspandere

på eit abstrakt nivå, uavhengig av den fysiske urbaniseringa. Her har eg mellom anna bruka Rindal sin urbant orienterte ordførar, med ”kaffe latten” i handa, som døme. Haldningar og aktivitetar som i utgangspunktet har vore sett på som moderne og urbane, kan no vere like naturlege i rurale strøk, som nett i Rindal. Denne mentale urbaniseringsprosessen fører til at samfunnet utviklar seg til å bli meir homogent, der lokale og regionale særtrekk blir jamna ut.

Det er vanskeleg å sette fingeren på kva for varietetar og dialektområde som har størst påverknadskraft på dialekten i Rindal. Informantane mine peikar hovudsakleg på Trøndelag, og eg har diskutert i kva grad dialekten i Rindal er råka av fenomenet regionalisering. Eg har også vore inne på om urbaniseringa har forkorta den lingvistiske avstanden til målet i hovudstaden, og om Rindal såleis tek del i ein nasjonal standardiseringsprosess. Der formene i ein trondheimsnær varietet er isomorfe med eit sør-austnorsk talemål, er sjansane også størst for at nett desse formene blir tekne opp i rindalsmålet. Likevel finn eg ikkje døme på modifisering mot standardformer av variantar som ikkje òg er i bruk i ein trondheimsnær varietet.

Osломålet, eller ”bokmål”, som informantane mine kallar det, har heller ikkje høg status blant informantane. Hjartespåket deira er ”rindaling”, og i deira dialektthierarki, ligg også denne varietetten øvst, sjølv om det inneber eit meir moderne mål enn kva foreldra deira brukar. Informantane har klare meiningar om kva som er korrekt dialektbruk og ikkje, og ein av informantane kunne fortelje om høvesvis uskuldig sanksjonering dei gongane ho forsnakka seg og bruka pronomenforma /vi/ i staden for /åss/. Informantane sine haldningar til dialekten er utelukkande positive, der ingen har negative erfaringar knytt til kontaktsituasjonar med andre varietetar. Fleire innrømmer likevel at dei konvergerer dialekten i kontakt med andre varietetar for å oppnå ein betre kommunikasjonsflyt.

Det er i min studie umogleg å korrelere språklege realiseringar mot sosiale faktorar. Det er likevel ein tendens til at jentene i studien brukar fleire modifiserte variantar enn gutane, men utan at eg vil seie at dette er generaliserande for heile ungdomsgruppa i Rindal. Hårstad (2010:352) skriv at mangelen på klare mønster i samband med ulike variablar er ein ”uhelbredelig realistisk tendens”. Me må med andre ord lære oss å leve med at ein ikkje alltid kan avgrense og systematisere upresise variablar inn i konkrete kategoriar for eit avgjerande forskingsresultat.

Litteratur

- Aasen, I. (1884). "Litt um Talemaal og Skriftmaal og dei rette Autoritetar". *Fedraheimen* 16. august 1884. <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=4557&id=12228> (lasta ned 19.04.2012).
- Akselberg, G. (1995). *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Dr. art. avhandling. Bergen: Universitet i Bergen.
- Andersen, H. (1988). "Center and periphery: Adoption, diffusion and spread". I J. Fisiak (red.): *Historical dialectology: regional and social*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Auer, P., F. Hinskens & P. Kerswill (2005). "The study of dialect convergence and divergence: conceptual and methodological considerations". I P. Auer, F. Hinskens & P. Kerswill (red.): *Dialect Change. Convergence and Divergence in European Languages*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Aune, A. (1986). "Rindalsmålet". I W. Karlstrøm (red.): *Rindal Heimbygdlag*, Rindal.
- Bakås, M. K. (1998). *Urbanisering, modernitet og dialect – en interaksjonell sosiolingvistisk studie av talemålsutviklinga i Tynset sentrum*. Hovedoppgave i nordisk språkvitenskap. Trondheim: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.
- Chambers, J. K. & P. Trudgill (1998). *Dialectology*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Foseide, O. T. (2012). "Rindal Heimbygdlag" *Trollheimsporten* 09. mars 2012. <http://www.trollheimsporten.no/rindal-heimbygdlag.151914.no.html> (lasta ned 04.10.2012).
- Giles, H. & P. Smith (1979). "Accommodation Theory. Optimal Levels of Convergence". I H. Giles & R. St. Clair (red.): *Language and Social Psychology*. Oxford: Basil Blackwell.
- Gjelstenli, I. (2012). "Skikultur og skihistorie i Rindal". *Kortreist* 06. februar 2012. http://www.kortreist.no/turer/nordvestlandet/more_og_romsdal/1567_rindal/article11659.ece (lasta ned 27.11.2012).
- Glaser, B. G. & A. L. Strauss (1967). *The discovery of grounded theory: strategies for qualitative research*. Chicago: Aldine.
- Hanssen, E. (2012). *Dialekter i Norge*. Bergen: Fagbokforlaget. LNU.
- Haugen, O. E. (2008). *Norrøn grammatikk i hovuddrag*. Trondheim: Kompendieforlaget.
- Hilmo, J. V. (2012). *Språksamfunn i grenseland. Ein sosiolingvistisk studie av språk og språkkopparningar i Tydal*. Masteroppgave i nordisk språkvitenskap. Trondheim: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.
- Hinskens, F. (2006). *Language variation – European perspectives*. (Studies in language variation 1). Amsterdam: Benjamins.
- (1996). *Dialect Levelling in Limburg. Structural and Sociolinguistic aspects*. Linguistische Arbeiten. Tübingen: Max Niemeyer
- Hompland, A. (1984). *Rurbaniseringsprosessen: bygdebyen og det nye Norges ansikt. Arbeidsnotat 84 (9)*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Hudson, R. A. (1996). *Sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Hymes, D. (1972). "Models of the interaction of language and social life". I J. Gumperz & D. Hymes (red.): *Directions in sociolinguistics*. Oxford: Basil Blackwell.
- Hårstad, S. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Dr. art. avhandling. Trondheim: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.
- (2004). *Ikke så typisk trøndersk. En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Oppdal*. Hovedoppgave i nordisk språkvitenskap. Trondheim: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.
- Jahr, E. H. & B. Mæhlum (2009). "Har vi et "standardtalemål" i Norge?". *Norsk Lingvistisk*

Tidsskrift 27 (1)

- Jahr, E. H. & B. Mæhlum (red.): (2009). *Tema: Standardtalemål? Norsk Lingvistisk Tidsskrift 27 (1)*. Oslo: Novus forlag.
- Karlstrøm, W. & H. Hyldbakk (1999). *Gards- og ættesoge for Rindal*. Bind I. Rindal: Rindal kommune.
- Kerswill, P & A. Williams (2000). "Creating a new town koiné: children and language change in Milton Keynes". I *Language in Society* 29.
- Labov, W. (1972). *Sociolinguistic patterns*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- (1966). *The social stratification of English in New York City*. Washington, D.C.: Center for applied linguistics
- Lieberman, A. (1982). *Germanic accentology*. Minneapolis: Minnesota University Press.
- Lyons, J. (1970). *New Horizons in Linguistics*. Harmondsworth: Penguin.
- Løfaldli, K. E. (2007). *Museumsguide*. Rindal: Upubl. museumsguide for Rindal Bygdemuseum. Nordmøre Museum.
- Milroy, L. (1980). *Language and social networks*. Oxford: Blackwell.
- Mo, E. (1922). *Tonelagstilhøve i rindalsk – med umtale av nokre eksperimentale freistnader på det fonetiske institutt*. Videnskapsselskapets forhandlinger 1922. No. 1. Kristiania: I kommission hos Jacob Dybwad.
- (1915). *Ei lita utgreiding um stavingsdeling i rindalsmaale. Serleg um deling på vokal*. Videnskapsselskapets forhandlinger for 1914. No. 2. Kristiania: I kommission hos Jacob Dybwad.
- Mæhlum, B. (2009). "Standartalemål? Naturligvis!". *Norsk Lingvistisk Tidsskrift 27 (1)*.
- (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus Forlag.
- (1992). *Dialektal sosialisering: en studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus Forlag.
- Mæhlum, B. & U. Røyneland (2012). *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, B., G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy. (2003). *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Nergård, L. (1977). *Utvandringshistorie frå Rindal*. Orkanger: A/S Kaare Grytting.
- Papazian, E. & B. Helleland (2005). *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Postholm, M. B. (2010). *Kvalitativ Metode*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet*. Dr. art. avhandling. Oslo: Institutt for lingvistiske og nordiske studier, Universitetet i Oslo.
- Sandøy, H. (2003). "Kontakt og spreiding". I Mæhlum, B. m. fl. (2003). *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistik*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Saville-Troike, M. (2012). *Introducing second language acquisition*. Cambridge: Cambridge University Press.
- (2003). *The ethnography of communication: an introduction*. Oxford: Blackwell Pub.
- Schiffmann, H. F. (2002). "French language policy: centrism, Orwellian dirigisme, or economic determinism?". I L. Wei, J-M. Dewaele & A. Housen (red.): *Opportunities and Challenges of Bilingualism*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Sherzer, J. (1975). "The ethnography of speaking: a critical appraisal". I M. Saville-Troike (red.): *Linguistics and Anthropology*. Washington, D.C.: Georgetown University Press.
- Skjækkeland, M. (2009). *Språk og samfunn i endring. Ein studie av tilhøvet mellom lokal identitet og talemålsutvikling*. Oslo: Novus Forlag.
- (2005). *Dialektar i Noreg. Tradisjon og Fornyning*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

- Solheim, R. (2006). *Språket i smeltegryta. Sosiolingvistiske utviklingsliner i industrisamfunnet Høyanger*. Dr. art. avhandling. Trondheim: Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU.
- Statistisk Sentralbyrå (2011). "Befolkningsstatistikk. Befolkningsendringer i kommunene. 1951-2011". <http://www.ssb.no/emner/02/02/folkendrhist/tabeller/tab/1567.html> (lasta ned 11.11.2011).
- Swann, J., A. Deumert, T. Lillis & R. Mesthrie (2004). *A dictionary of sociolinguistics*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Tældeman, J. (2010). "Linguistic stability in a language space". I P. Auer & J. E. Schmidt (red.): *Language and space: an international handbook of linguistic variation*. Berlin: De Gruyter Mouton.
- Trudgill, P. (1986). *Dialects in contact*. New York: Basil Blackwell.
- Venæs, K. (2011). "Hun bor i årets kommune". *TV2*, 22. januar 2011. <http://www.tv2.no/nyheter/magasinet/hun-bor-i-aarets-kommune-3392583.html> (lasta ned 24.11.2011).
- Weinreich, U., W. Labov & M. I. Herzog (1968). "Empirical foundations for a theory of language change". I W. P. Lehman & Y. Malkiel (red.): *Directions for Historical Linguistics: A Symposium*. Austin: University of Texas Press.

Vedlegg

1: Spørjeskjema

Spørjeundersøking til dialektstudie. (Hugs å nummerere svara dine!)

1. Namn, klasse, bustad, fritidsinteresser
2. Har du budd i Rindal heile livet, eller har du tidlegare budd på andre stadar? Kva tidsrom var i så fall dette?
3. Har foreldra dine vekse opp i Rindal? Om ikkje, kvar er dei frå?
4. Kva arbeider foreldra dine med no?
5. Kva linje/skule kjem du til å søkje deg til etter ungdomsskulen? Og ser du for deg at du kjem til å ta høgare utdanning etterpå?
6. Ser du for deg å flytte attende til Rindal når du er ferdig utdanna? Om ikkje, kvar har du lyst til å bu?
7. Trur du at du kjem til å halde på dialekten når du byrjar på vidaregåande?
8. Kjenner du deg mest som ein møring eller ein trønder? Kan du grunngje dette?
9. Tykkjer du rindalsdialekten er ein typisk møredialekt eller trønderdialekt?
10. Er du stolt av dialekten din og av å vere rindaling, eller hender det at du vert flau over dialekten din?
11. Har du fått positive eller negative tilbakemeldingar til dialekten din i samtale med folk frå andre kantar av landet?
12. Er det vanskeleg å halde på dialekten din når du møter andre som ikkje snakkar rindaling?
13. Kva tykkjer du om at ungdommar legg om dialekten når dei kjem i kontakt med andre som ikkje har same dialekt?
14. Trur du rindalingar helst legg om mot møredialektar (t.d. surnadalsdialekt), trønderdialektar (t.d. trondheimsdialekt) eller mot austlandsk talemål, som t.d. i Oslo?
15. Kan du gje døme på særskilde trekk som du meiner er typiske for rindalsdialekten?
16. Er det særskilde ord, former eller uttrykk du skiftar ut når du trur at andre ikkje forstår dialekten din?
17. Veit du om ord, former eller uttrykk som foreldra dine og besteforeldra dine brukar, som du ikkje brukar? Eller meiner du at du snakkar likeins som dei?
18. Tykkjer du at det lokale forskjellar i rindalsdialekten?
19. Skriv du dialekt eller hovudmål på sms/msn/skype/facebook?
20. Kor brei rindalsdialekt tykkjer du sjølv at du snakkar på ein skala frå 0 til 10?

2: Samtykkeerklæring

Trondheim, 09.09.11

Førespurnad om løyve til å intervjuje i ei dialektstudie.

Eg er lektor- og masterstudent ved institutt for nordistikk og litteraturvitskap ved NTNU i Trondheim. Den avsluttande masteroppgåva mi skal skrivast innan disiplinen sosiolingvistik, og skal handle om *haldningar til dialekt hos ungdommar i Rindal*. Eg vil blant anna finne ut om identiteten hos elevane ligg i Møre og Romsdal eller i Trøndelag, og om dei "legg om" dialekten i kontakt med folk som ikkje er frå bygda.

For å finne ut dette, tenkjer eg å intervjuje elevar på ungdomstrinnet. Eg vil bruke bandopptakar medan me snakkar saman, og intervjuet vil vare i om lag ein halvtime. Undersøkinga er frivillig, og me vert saman samde om tid og stad. Det kan hende at intervjuet vert lagt i skuletida, men eg vil så langt det let seg gjere forsøkje å unngå at det gjeng ut over undervisning.

Sidan Rindal er ei lita bygd, kan det hende at det er mogleg å tippe kven eleven i studien er, ut i frå kjønn og bustad. Opplysningane vert likevel sjølvstøtt anonymisert og handsama konfidensielt. Alle ljodopptak vert sletta når oppgåva er ferdig innan utgangen av 2012.

Rektor, undervisningsinspektør og norsklærarane ved ungdomstrinnet er informert om, og stiller seg positive til prosjektet.

Dersom du har lyst til å vere med på prosjektet, kan du skrive under på vedlagte samtykkeerklæring.

Om det er noko du lurar på, kan du kontakte meg per telefon på 918 11 581, eller sende ein e-post til idun.fivelstad@radiorevolt.no

Helsing,

Idun Fivelstad

Samtykkeerklæring:

Eg har motteke informasjon om dialektstudien, og ynskjer at skal stille til intervju.

Signatur, føresatt:

.....

Signatur, elev:

.....

Samandrag

Siktemålet med denne studien har vore å sjå på språklege tilhøve blant ungdom i Rindal kommune, der både konkrete språklege forhold og haldningar og synspunkt til eigen dialekt har stått i fokus. Rindal kommune er ei lita bygd aust på Nordmøre i Møre og Romsdal fylke, om lag ti mil frå trønderhovudstaden Trondheim. Sjølv om Rindal geografisk er lokalisert på Nordmøre, blir rindalsdialekten normalt klassifisert som trøndersk, og rindalingane går under nemninga ”reservetrønderar”.

Det empiriske materialet er hovudsakleg kvalitative forskingsintervju med sju hovudinformatar. Desse informantane vart plukka ut etter at eg gjennomførte ei spørjeundersøking med 60 elevar ved 9. og 10. trinn ved Rindal skule i januar 2012. I tillegg til at spørjeundersøkinga fungerte som eit reiskap til å plukke ut hovudinformatar, har eg også bruka opplysningar frå undersøkinga med dei resterande informantane elles i analysen.

Ved å kvantifisere språklege variablar hos dei sju hovudinformatane har eg funne ut kva språktrekk som ser ut til å halde seg stabile og kva språktrekk som får nye former. Basert på desse undersøkingane verkar endringsraten i rindalsdialekten å vere lågare enn på Røros, Tynset og Oppdal. Rindal kan på mange måtar samanliknast med Tydal, då det også der verkar å vere relativt stor grad av språkleg stabilitet. Både Rindal og Tydal kan karakteriserast som lukka språksamfunn, som tyder at samfunnet i stor grad er prega av språkleg homogenitet. Eg har forsøkt å forklare språkleg stabilitet i ljøs av eit sterkt og solidarisk identifikasjonsfellesskap blant ungdommane i Rindal, der bygda og dialekten er viktige faktorar i dette fellesskapet. Ungdommane hadde berre positive merknadar å fortelje om både dialekten og bygda. Eg har samstundes argumentert for at ein større grad av utflytting enn tilflytting har vore med på å konservere dialekten.

Samanlikna med tidlegare, ser det likevel ut til at rindalsdialekten har endra seg hurtigare dei seinare åra. Her har eg trekt fram fenomena modernitet og urbanisering som forklaringsfaktorar for dei nye og modifiserte variantane som førekjem i materialet mitt. Det er vanskeleg å avgjere kva for varietetar eller dialektområde som har størst påverknadskraft på rindalsdialekten. Eg har avslutningsvis diskutert om regionalisering og standardisering har påverka målet i bygda. Der formene i ein trondheimsnær varietet er isomorfe med eit sør-austnorsk talemål, er sjansane også størst for at formene blir tekne opp i rindalsmålet. Eg finn likevel ikkje døme på modifisering mot standardformer av variantar som ikkje òg er i bruk i ein trondheimsnær varietet.